

**Seljord kommune**

Arkiv: 15
Saksnr.: 2019/1283-10
Sakshand.: Finn-Arild Bystrøm
Direkte tlf.:
Dato: 05.11.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		14.11.2019
Formannskap/økonomiutval		21.11.2019
Arbeidsmiljøutvalet		19.11.2019
Arbeidsmiljøutvalet		20.11.2019
Kontrollutval		
Velferdsutvalet		26.11.2019
Eldreråd		03.12.2019
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		04.12.2019
Ungdomsråd		
Kommunestyret		12.12.2019

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, kommuneplan med handlingsprogram**Saksdokument:**

Vedlegg:

- 1 Gul bok 2020 - 2023
- 3 Vedlegg 1 til Gul bok - Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester 2020
- 4 Vedlegg 2 til Gul bok - Sjølvkost Budsjettnotat - Seljord kommune 2020
- 5 Vedlegg 3 til Gul bok - Kostnad vedlikehald vegar og bruer 2020-2028.
- 5 Vedlegg 4 til Gul bok - Vurdering av innkomande søknadar per 6.nov

Saksutgreiing:

Formalia rundt budsjett og økonomiplan:

Kommunelova § 14 - Økonomiforvalting, legg dei lovmessige premissane for rådmannens forslag til budsjett og økonomiplan for dei neste fire åra.

I hovudtrekk er krava:

- Kommunen skal forvalte økonomien slik at handlingsvenen blir i varetatt over tid, § 14-1
- Utarbeide realistiske budsjett og økonomiplanar § 14-1
- Minimerer finansell risiko rundt gjeld og gjeldsbyrde, § 14-1
- Vedta eit budsjett og økonomiplan i ballanse § 14-4
- Skal vise eit drifts- og eit investeringsbudsjett, § 14-4
- Formannskapet skal innstille budsjett og økonomiplan til kommunestyre, § 14-3
- Budsjettet er bindande for kommunen § 14-5

Rådmannen legg fram eit budsjettforslag og forslag til økonomiplan med dei beste anslaga for realistiske inntekter og utgifter som er venta i 2020 og i økonomiplanperioden 2020-2023. Nærmore informasjon og detaljar for saksframleggjet er å finne i vedlagt Gul bok.

Konstituerande kommunestyret 17. oktober vedtok at dag 1 av 2 i formannskapshandsaming av budsjett skulle bli eit kommunestyremøte. 14. november legg rådmannen difor fram for kommunestyre ein presentasjon og orientering om budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023. Formannskapet 21. november vil innstille til kommunestyre 12.desember 2019. Formannskapets innstilling i møte 21. november blir lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar. Kommunestyret vil i sitt møte 12.desember 2019 fatte endeleg vedtak i saka.

Kommunestyret 12.desember vil få framlagt ei sak som tek med seg alle innspel frå andre utvalshandsamingar og høyringsinnspele som har kome inn. Kommunestyrets vedtak blir kunngjort på vanleg måte og Gul bok med eventuelle endringar sendast over til fylkesmann og departementet for orientering.

Gul Bok er eit bindande styringsdokument for Seljord kommune. Dette syner korleis målsettingane i kommuneplanen skal bli nådd. Tilbakemelding om framdrift i samsvar med planen skjer gjennom arbeidsprogram, budsjettoversyn, årsrekneskap og årsmelding. Planen med tilhøyrande tilbakemeldinger utgjer kommunen sin internkontroll på øvste nivå i regi av rådmannen. I tillegg førar kommunestyret sjølv kontroll med verksemda gjennom kontrollutvalet.

Innleiing til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023:

Seljord kommune har hatt stø kurs mot Robek dei siste årane. Robek er regjeringas liste over kommunar i økonomisk ubalanse. Dersom forslag til budsjett 2020 og økonomiplan 2020- 2023 blir vedteke innanfor føreslårte økonomiske rammar er vi på trygg grunn utanfor Robek.

Økonomiplanen er nøktern og solid forankra på inntektssida, men det vil taka tid og hardt arbeid føre vi er ute av faresonen. Budsjettet for 2020 set to føter i bakken og legg opp til ei markant reduksjon i ekstern aktivitet, for å holde eit naudsint økonomisk-, og kommunal tenestefokus.

Seljord sin økonomiske situasjon og negative befolkningsutvikling er tunge premissfaktorar som pregar rådmannens forslag til budsjett og økonomiplan. Det at kommunestyre sidan 2014/15 gradvis har slutta å fylge sine eigne økonomiske anbefalingar og måltall dei sjølve har vedteke, er ein viktig hovudfaktor for at kommunen er i den økonomiske situasjonen vi er i.

Vi har over lengre tid brukt meir pengar enn det som kjem inn. Kommunens disposisjonsfond var på 14,7 millionar kroner den 31.12.17, og 10 millionar kr. per 31.12.18. Kommunenes drift i 2019 er budsjettert med å bruke ytterligare 6,25 millionar kronar av disposisjonsfondet. Fortsett vi drifta slik vi gjer no vil disposisjonsfondet vera tomt i 2020. Seljord kommune burde til ein kvar til hatt eit disposisjonsfond på minst 15 millionar kronar.

Rådmannens melding til kommunestyre for budsjett 2019 var:

«Rådmannen oppfattar at vi difor ikkje lenger oppfyller villkåra i kommunelova § 60 om å levere eit budsjett og ein økonomiplan i balanse, og difor må pårekna at Fylkesmannen vil underkjende Seljord kommunes budsjett og økonomiplan 2019-2022.»

Historiske moment:

Det var to hovudparametrar som låg til grunn for rådmannens tilråding til budsjett 2019 for å unngå Robek. Innføring av eigedomskatt og ein reduksjon i drifta. Kommunestyre vedtok *kun* ein reduksjon i drifta på 15 årsverk i økonomiplanperioden.

Erkjenninga om at vi ikkje oppfyller villkåra i kommunelova om å lever eit budsjett i ballanse ble forsterka og konkretisert i kommunestyre 20. juni 2019 i sak 21/19. Rådmannen konkludera med at det ikkje var realisme å få til ein reduksjon i drifta med 15 årsverk utan å bryte med krav i lovpålagede oppgåver i økonomiplanperioden 2019-2022.

Fylkesmannen sin tilbakemelding til rådmannen og ein politisk oppnemnt arbeidsgruppe (ad-hoc) frå kommunestyre den 16.august 2019, og til kommunestyre 17. oktober 2019 er at vi for alle praktiske føremål er å sest på som ein kommune i økonomisk ubalanse (Robek). Fylkesmannen har med erkjenninga i kommunestyre juni 2019 grunnlag for å underkjenne kommunens budsjett for 2019, og økonomiplan 2020-2023. Budsjett og økonomiplan ble med rette sett på som ikkje realistiske. Fylkesmannen har varsla at dei ikkje vil godkjenne eit nytt budsjett dei meiner er urealistisk.

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023:

Det politisk oppnemnte ad-hocutvalet gav rådmannen ein oppmoding til budsjett 2020: «Det er inga hellege kuar» og «det er dei store talls lov som gjeld». Det betyr blant anna at struktur innan skule og oppvekst som tidligare har våre unntatt for endringsforslag likevel kan verta aktuelt å vurdera. Dette er nytt og det gav administrasjonen mogligheter for å sjå på tiltak ein tidlegare ikkje har hatt/sett på som realistiske. Dei store talls lov er oppfatta som at alle tiltak ikkje treng eit fullstendig detaljegrunnlag for å bli fremma som aktuelle tiltak.

Til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 har rådmannen føreslått kutt som ein i moderne tid ikkje har sett i Seljord. Dette er gjort for å få budsjetta i ballanse. Fokuset har våre å bevare velferdstenester framfor tilskot til eksterne aktørar. Rådmannens forslag tek også konsekvensen av at reduksjonen i befolningsgrunnlaget gjer at vi bør levere tenester annleis framover. Denne endringa vil fortsette i åra som kjem i takt med forventa nedgang i innbyggjartal.

Ein kommune skal drive og utvikle gode velferdstenester og aller helst vere ein av fleire utviklingsaktørar i det samfunnet vi bur og trivast i. Kommunen er Seljord desidert største arbeidsplass, men vi er lite utan eit privat næringsliv, dei tilreisande og innbyggjarane. Det er dei vi er her for. Samstundes, så kan ikkje dei same aktørane klare seg utan kommunen. Vi er eit lag, og vi må forsøke å vera på lag framover også.

Når Seljord samfunnet nå står ovanfor relativt store endringar i befolknings-utviklinga, gir direkte negative konsekvensar for kommunens budsjetter. Fleire blir eldre og færre born vil komme til i grunnskulen. Færre born blir født, færre i arbeidsfør alder bidreg i arbeidslivet og fleire flyttar frå kommunen. Utviklinga krev tiltak og handlekraftige løysingar. Tida framfor oss vil i større grad krevja ein administrativt- og politisk stamina for å både taka og stå i naudsynte prioriteringar og slutningar.

Som ein konsekvens av endringane i befolkningsutviklinga meiner rådmannen at vi skal legge om tenestene i kommunen. I praksis så betyr dette at programområde 3, helse og omsorg må styrkast og programområdet 2, skule og oppvekst må reduserast som eit direkte konsekvens av utviklinga.

For å starte på dette arbeidet foreslår rådmannen at Åmotsdal barnehage blir samlokalisera i Flatdal oppvekstseneter frå 1. august 2020, og at barnehagen ved oppvekstsetneter blir samlokalisert i Seljord barnehage (Tussejuv og Heddeli) frå 1. august 2022. Rådmannens berekningar visar at ein i 2022 kan ta i mot alle barnehageborn i sentrum, utan å bygge nytt og samstundes få ein reduksjon i drifta.

For skulene kjem krysspunktet for når Seljord barne- og ungdomsskule kan ta i mot alle born i skulealder hausten 2026. Rådmannen meiner det er økonomisk rett å byrje planlegging av ein samlokalisering for skulane i slutten av økonomiplanperioden 2020-2023.

I slutten av økonomiplanen 2020-2023 kan vi sjå konturar på ein betring i økonomien. Betringa bør prioriterast inn mot PO3-helse og omsorg for å taka den veksten i behov som har starta og som kjem med forsterka styrke frå 2023.

Rådmannen meiner at det må takast grep som kanskje ikkje blir forstått eller akseptert på kort sikt ute i samfunnet. Likevel er det naudsynt for å sikre at Seljord kommune kan få att ende sitt økonomiske handlingsrom og mogeligheter til igjen å vera ein utviklingsaktør inn i framtida.

Hovudmoment i kutt og innsparing:

Generelt for programområda blir det foreslått kutt som vil merkast i det daglege for dei tilsette og våre brukarar. I hovudtrekk nemnast det:

Programområde	Tiltak i hovudtrekk	Reduksjon i årsverk i øk.planperioden
PO1 - Sentraladministrasjon	<p>Sentraladministrasjon er ein budsjettmessig lita eining i det totale budsjettet for programområdet. PO1 inneheld kommunens pensjonsavsettingar, drift av folkevaltordninga, kommunens store avtalar, forsikringar m.m.</p> <p>Frp 2021 tek PO1 ein reduksjon på to område som til saman vil vera omlag 0,8 årsverk.</p>	0,8
PO2 – Skule og oppvekst	Programområde 2 – Skule og oppvekst vil slå saman tenester innan barnehage, og få redusert tilbodet innan kulturskulen. I begge tiltaka ligg det ein reduksjon på omlag 10 årsverk i økonomiplanperioden.	10
PO3 – Helse og omsorg	Programområde 3 – helse og omsorg vil redusere 1,5 årsverk innan psykisk helse og rus, kutte i kurs og etterutdanning, redusere ca eit årsverk innan omsorg, fjerne alle kjente bufferar i direkte drift.	1,5
PO4 – Samfunnsutvikling og drift	Programområde 4 – samfunnsutvikling og drift tek bort ein rekke tilskot til lag og foreiningar, avvikle eigarskap i Møtestad Seljord, redusere opningstid i symjehallen til 3 mnd i året for å sikre symjeopplæring og omlag 0,5 årsverk	0,5
Totalt		12,8 årsverk

Detaljar om kutt og tiltak i dei forskjellige programområdane finn ein via innholdslista i Gul bok.

Per i dag driv vi ikkje forsvarleg innan byggforvaltinga i programområde 4, samfunnsutvikling og drift. Aukar vi ikkje vårt økonomiske handlingsrom vil dette utvikle seg til fleire programområder. Saman med eit fokus på forbetringar og kostnadsreduksjonar i drift, må vi auke inntektene til kommunen.

Eigedomskatt:

Det einaste området rådmannen veit om, og som vil auke inntektene slik at det monnar, er innføring av egedomskatt for boligar, hyttar og næringseigedom som per i dag ikkje er omfatta av egedomskatt.

Seljord kommune har i dag egedomskatt på kraftverk og noko næring som inngår i same definisjonen som lovkravet for kraftverk. Dette har vi hatt i fleire ti-år. Inntektene for egedomskatt gir omlag 11 mill kr. Legg ein til sal av konsesjonskraft gjev dette kommunen omlag 20 millionar kr totalt årlege inntekter. Denne egedomskatten har til nå våre relativ ukontroversiell. Rådmannen rår til at denne fortsett, uavhengig av kva kommunestyre vedtek rundt egedomskatt elles.

Prognosane vi har lagt til grunn for innføring av egedomskatt er følgande:

	2020	2021	2022	2023	Øk.plan perioden
Sum	-1 500 000 kr	6 000 000 kr	9 000 000 kr	12 000 000 kr	27 000 000 kr

Rådmannen har brukt egedomskatt som ein del av salderinga for å få budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 i hamn, kor arbeidet med innføring av egedomskatt startar i 2020. Skal vi oppnå ballanse utan egedomskatt må ein politisk prioritere å finne ein budsjettmessig inndeckning på 27 millionar kr i økonomiplanperioden.

Hovudutfordringar framover:

Rådmannen har fleir gonger tidligare varsla at Seljord kommune burde i større grad sikre ein forsvarleg økonomisk drift og økonomisk buffer over tid. Statistikken visar at dei økonomiske kurvane for Seljord har variert tildels kraftig over ein 10 års periode. At man politisk gjer sine prioriteringar har rådmannen forståing og respekt for. Det er likevel ein rådmanns oppgåve å opplyse om konsekvensane av disse prioriteringane, og det manglande handlingsrommet det gjer vidare.

Det er fleire faktorar som gjer den økonomiske situasjonen for Seljord vanskeleg frå og med 2020 og ut økonomiplanperioden:

- Når budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 ikkje lot seg løyse med reduksjon av 15 årsverk, og egedomskatt ikkje ble innført, løyste vi inga av dei 23,6 millionar kr som var sei økonomiske utfordringane vi stod ovanfor. Utfordringa ble overført til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023.
- Tidlegare politiske vedtak om å drive med eit negativt netto driftsresultat har gitt Seljord eit mindre handlingsrom. Økonomiplanen framover legg opp til ein vridring frå negativt til eit positivt resultat.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Netto driftsresultat	-1,74 %	-0,15 %	-0,08 %	-1,59%	0,21 %	0,38 %	0.74 %

- Framleis urovekkande høg lånegjeld på omlag 290 mill kr, men som eit positivt trekk visar den tydeleg reduksjon i økonomiplanperioden til omlag 250 mill kr. 1 % endring i rentesats vil medføra omlag 2,9 mill kr i utgiftar.
- Dei frie inntekter (rammetilskot, skatt og inntektsutjamning) syner ein real nedgang i økonomiplanperioden frå 195 mill kr til 190 mill kr i takt med befolkningsnedgangen.
- For 2020 er det signalisera at Seljord får 12 flyktninger. Vi har budsjettet med 10 kvart år. Vi ble tildelt 10 i 2019, men pr medio oktober har det kome 4. Frå 2021 har Imdi varsla at store endringar på nasjonalt plan, som vil påverke kor mange fletningar kommunane får til seg.

Økonomisk har talet på flyktninger som kjem ein påverknad for oss. Både kor stort vi til ein kvar tid skal dimensjonere tenestene som støttar opp rundt flyktningane, og ved at vi budsjettera med ein viss sum, men i realiteta får inn ein anna sum.

- Ny kommunelov krev ein anna beregningsmodell av nedbetaling av lån enn det Seljord har nytt seg av. Dette gjev ein årleg auke frå 2020 på omlag 3,2 mil kr i avdrag med dagens rentesats
- Reduksjon i inntekt på omlag 3,8 mill kr på grunn av nedgang i barnetala på 30 stk, frå dagens 371 til minst 341 i økonomiplanperioden, samstundes som talet på eldre frå 67 aukar i same periode.
- Auken pensjonsutgiftar, jf måten pensjon blir rekneskapsført i kommunane, 12-14 mill kr i 2020-2025

Politisk ynskje om reell valmoglichkeit til rådmannens tilråding

Rådmannen har jobba etter ein politisk bestilling, kor ein i tillegg til rådmannens tilråding ynskjer eit reelt alternativ kor ein kan velje vekk eigedomskatt, og/eller bytte ut tiltak rådmannen tilrår med andre politiske prioriteringar.

Rådmannen ser at dette vanskeleg let seg gjere. Ved budsjett-statusoppdatering så manglar det omlag 6 millionar kroner for å få et budsjett og økonomiplan 2020-2023 i ballanse. Då er eigedomskatt lagt til grunn for salderinga. Nye kuttrundar er gjennomført i programområda og ved siste status føre utsending manglar det omlag 4 millionar kronar for å gå i ballanse. Rådmannen foreslår å nytte disposisjonsfond for å kompensere opp til eit balansert budsjett.

Rådmannen har sett seg nøtt til å bruke alle kjente kutttiltak for å få budsjett og økonomiplan i balanse.

Kortsiktige og langsiktige anbefalingar:

Vedta Gul bok med følgjande presiseringar for å få balanse i:

Budsjettet 2020:

- Starta opp prosessen og gjennomføre taksering av hus, fritidsbustader og næringseigedom som i dag ikkje har eigedomskatt, med mål om innføring av eigedomskatt frå 2021
- Avgrense nye tiltak som førar til auke i drift
- Avgrense nye investeringstiltak
- Søke å gjere om/stanse allereie vedtekne tiltak som ikkje er byrja på som er juridisk tilrådeleg
- Ha fokus på forbetingar og moglige reduksjonar i drifta
- Bruk av disposisjonsfond for å dekke opp naudsynt drift
- Dagens nyttiggjering av eigedomsskatt å verker og bruk fortsett
- Føreslårte justeringar i kommunale gebyr vedtaks

Økonomiplanperioden 2020-2023:

- Avgrense nye tiltak som førar til auke i drift
- Avgrense nye investeringstiltak, med fokus på;
- Fylgje ein plan for å oppnå kommunestyres tidigare fatta økonomiske handlingsmål
- Holde fokus på å redusere lånegjeld, slik at man betre er i stand til å handsame nye avskrivingsreglar og ein renteauke på inntil 3%
- Dagens nyttiggjering av eigedomsskatt på verker og bruk fortsett. I tillegg gjennomførast;
- Taksering av privathus, hytter og næringseigendom i 2020 og innføre eigedomsskatt for privathus, fritidseigendom og næringseigendom frå 1. januar 2021

Balanse gjev ikkje 1,75 % i netto driftsresultat. For å oppnå dette målet, må ytterligare tiltak settast inn.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å gjera følgjande vedtak:

Formannskapet innstiller til kommunestyre å gjera følgjande vedtak:

Vedta Gul bok med vedlegg som Seljord kommunes budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 med hendlingsdel (kommuneplan med handlingsdel, budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023).

I samsvar med kommunelova § 45 nr. 3 vert årsbudsjett for 2019 lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før den vert handsama av kommunestyret.

I samsvar med kommunelova § 44 nr. 7 vert økonomiplan med framlegg til vedtak lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før planen vert handsama i kommunestyret.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge følgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2020 – 2023.
2. I medhald av egedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, vert det skrive ut egedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av egedomsskattetaksten. Vedtekene for egedomsskatt i Seljord kommune som er vedtatt av kommunestyret 13.12.2012, skal gjelde for egedomsskatteåret 2020, jamfør egedomsskattelova §10.
 - a) For egedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut egedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. egedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.
 - b) For egedomsskatteåret 2020 skal det også skrivast ut egedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til egedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom egedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal rekna med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.
 - c) For egedomsskatteåret 2020 skal det vidare skrivast ut egedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2020 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av egedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2020, jf. overgangsregelen til egedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
 - d) Den alminnelege egedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille, jf. egedomsskattelova § 11 første ledd.
 - e) Egedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. egedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
 - f) Siste alminnelege taksering i kommunen var i år 2009. Kommunestyret har for egedomsskatteåret 2020 vedteke å oppjustere takstane med 10 % i medhald av egedomsskattelova § 8 A-4 om kontorjustering.

3. Nytt låneopptak i 2020 vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attst  ande vekta levetid p   kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 31   r.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det g  r fram av bevillingsoversyn investering, med at summen for investeringstiltak (inkl. avdrag, utl  n, andelar og avsetjingar) er i 2020 kr 25 245 mill kr.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke p   netto programomr  deniv   slik det g  r fram av budsjettkjema bevillingsoversyn drift, fordelt p   programomr  da.
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sj  lvkost. Innan VARF-området vert sj  lvkost rekna ut i fr   prinsippet om 100% dekningsgrad. Innan plan, bygesak, oppm  ling og Matikkellova, er det i budsjett 2020 vedteke at ein i l  pet av perioden 2020-2021 skal ha ein opptrappingsplan fr   90% til 100% dekning.

Utskrift til:

Kommuneplan – Handlingsdel

Med handlingsprogram, budsjett

og

økonomiplan med kommentarar 2020 – 2023

Gul bok

*Rådmannen sitt framlegg
til orientering i
kommunestyret 14.11.2019
og*

*handsaming i formannskapet
21.11.2019*

Innhald

Rådmannen si vurdering og langsiktig tilråding	4
Historiske moment:	4
Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023:	5
Hovudmoment i kutt og innsparing:	6
Eigedomskatt:	6
Hovudutfordringar framover:	7
Rådmannens anbefalingar:	8
Seljord 10 år fram i tid	8
Handlingsprogram til samfunnssdelen av kommuneplanen 2020-2023	16
Bevilgningsoversyn drift	45
Økonomisk oversyn drift	47
Investeringar i varige driftsmidlar	49
Bevilgningsoversyn investering	51
Kommentrarar til budsjett 2020 og økonomiplanperioden 2020-2023	52
Innleiing	52
Økonomiske målsettingar	52
Disposisjonsfond	53
Skatt og rammetilskot (såkalla "frie inntekter")	54
Kraftinntekter	55
Utbyte frå aksjeselskap	56
Eigedomsskatt	57
Brutto lånegjeld	59
Finanskostnader	60
Pensjon	61
Investeringar	62
Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter	65
Programområde 2 Skule og oppvekst	70
Programområde 3 Helse og omsorg	79
Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift	92

Innleiing

Dette dokumentet kalla "Gul bok" er satt saman av handlingsprogrammet for 2020-2023, forslag til budsjett for 2020 og økonomiplan fram til 2023. Det er kommunestyre som vedtek budsjett og økonomiplan 12. desember 2019. Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i kommuneplanen sine målsettingar og den økonomiske politikken legg føringar for kva som kan realiserast innafor 4 års perioden.

Del 1 av Gul Bok er handlingsprogram, del 2 er budsjett og økonomiplan med kommentarar.

Handlingsdelen er heimla i Plan- og bygningslova jf. § 11, om kommuneplan. Handlingsdel til samfunnsdelen av kommuneplanen vert omtala som "konklusjonen på korleis kommuneplanen skal følgjast opp". I planen skal det vera fokus på utfordringar og tilrådde planar som skal utarbeidast, samt prosjekt og einskildsaker, dei neste 4 åra.

Plan- og bygningslova § 11 – Kommuneplan: "Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande år eller meir, og reviderast årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen". Handlingsdelen skal innehalde eit program for å gjennomføre kommuneplanens samfunnsdel for dei fire neste budsjettåra. Kommunen sin økonomiplan skal inngå i handlingsdelen. Planlagde tiltak og økonomiske prioriteringar vert knytte saman.

Pbl §11-3: "Kommuneplanens handlingsdel gjev grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretiserer tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer." Betre handlings- / detaljplanleggingsgrunnlag for politikarar, administrasjon og innbyggjarane i kommunen. Betre økonomisk styring. Betre samhandling mellom administrasjonen og den politiske leiinga. I det kommunale plansystemet er "Handlingsdel med økonomiplan" ein viktig "motor" for sortering og prioritering av tiltak framsette i delplanane. Tiltaka som vert prioriterte i planen skal medverke til at måla i kommuneplanen vert nådde.

Budsjett og økonomiplan byggjer på det som i budsjettverktøyet Arena vert kalla *konsekvensjustert budsjett*. Konsekvensjustert budsjett vert sett opp på bakgrunn av justert budsjett frå året før (2019), med lønsjustering og prisvekst, dvs. at det er lagt inn tal for reelle driftskostnader og løn til dei årsverka som avdelingane disponerer. Hovudpoenget med konsekvensjustert budsjett er å budsjetterte kva det vil koste å drive Seljord kommune i 2020 slik som tenestetilbodet er i dag med dei inntektene ein kan vente å få i 2020. I tillegg består konsekvensjustert budsjett av vidareføring av politiske vedtak, og konsekvensar av andre interne justeringar. Tiltak som avvik frå grunnlaget i konsekvensjustert budsjett er omtalt i kommentardelen til kvart programområde. I tillegg til konsekvensjustert er det innan kvar programområde satt opp fleire tiltak, som syner korleis ein har tenkt å redusere/kutte innafor kvart programområde.

Rådmannen si vurdering og langsiktig tilråding

Seljord kommune har hatt stø kurs mot Robek dei siste årane. Robek er regjeringas liste over kommunar i økonomisk ubalanse. Dersom forslag til budsjett 2020 og økonomiplan 2020- 2023 blir vedteke innanfor føreslätte økonomiske rammar er vi på trygg grunn utanfor Robek. Økonomiplanen er nøktern og solid forankra på inntektssida, men det vil taka tid og hardt arbeid føre vi er ute av faresonen. Budsjettet for 2020 set to føter i bakken og legg opp til ei markant reduksjon i ekstern aktivitet, for å holde eit naudsynt økonomisk-, og kommunal tenestefokus.

Seljord sin økonomiske situasjon og negative befolkningsutvikling er tunge premissfaktorar som pregar rådmannens forslag til budsjett og økonomiplan. Det at kommunestyre sidan 2014/15 gradvis har slutta å fylgje sine eigne økonomiske anbefalingar og måltall dei sjølv har vedteke, er ein viktig hovudfaktor for at kommunen er i den økonomiske situasjonen vi er i.

Vi har over lengre tid brukt meir pengar enn det som kjem inn. Kommunens disposisjonsfond var på 14,7 millionar kroner den 31.12.17, og 10 millionar kr. per 31.12.18. Kommunenes drift i 2019 er budsjettert med å bruke ytterligare 6,25 millionar kronar av disposisjonsfondet. Fortsett vi drifta slik vi gjer no vil disposisjonsfondet vera tomt i 2020. Seljord kommune burde til ein kvar til hatt eit disposisjonsfond på minst 15 millionar kronar.

Rådmannens melding til kommunestyre for budsjett 2019 var:

«Rådmannen oppfattar at vi difor ikkje oppfyller vilkåra i kommunelova § 60 om å levere eit budsjett og ein økonomiplan i balanse, og difor må pårekna at Fylkesmannen vil underkjende Seljord kommunes budsjett og økonomiplan 2019-2022.»

Historiske moment:

Det var to hovudparametrar som låg til grunn for rådmannens tilråding til budsjett 2019 for å unngå Robek. Innføring av eigedomskatt og ein reduksjon i drifta. Kommunestyre vedtok *kun* ein reduksjon i drifta på 15 årsverk i økonomiplanperioden.

Erkjenninga om at vi ikkje oppfyller villkåra i kommunelova om å lever eit budsjett i ballanse ble forsterka og konkretisert i kommunestyre 20. juni 2019 i sak 21/19. Rådmannen konkludera med at det ikkje var realisme å få til ein reduksjon i drifta med 15 årsverk utan å bryte med krav i lovpålagte oppgåver i økonomiplanperioden 2019-2022.

Fylkesmannen sin tilbakemelding til rådmannen og ein politisk oppnemnt arbeidsgruppe (ad-hoc) frå kommunestyre den 16.august 2019, og til kommunestyre 17. oktober 2019 er at vi for alle praktiske føremål er å sest på som ein kommune i økonomisk ubalanse (Robek). Fylkesmannen har med erkjenninga i kommunestyre juni 2019 grunnlag for å underkjenne kommunens budsjett for 2019, og økonomiplan 2020-2023. Budsjett og økonomiplan ble med rette sett på som ikkje realistiske. Fylkesmannen har varsla at dei ikkje vil godkjenne eit nytt budsjett dei meiner er unrealistisk.

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023:

Det politisk oppnemnte ad-hocutvalet gav rådmannen ein oppmoding til budsjett 2020: «Det er inga hellege kuar» og «det er dei store talls lov som gjeld». Det betyr blant anna at struktur innan skule og oppvekst som tidligare har våre unntatt for endringsforslag likevel kan verta aktuelt å vurdera. Dette er nytt og det gav administrasjonen muligheter for å sjå på tiltak ein tidlegare ikkje har hatt/sett på som realistiske. Dei store talls lov er oppfatta som at alle tiltak ikkje treng eit fullstendig detaljegrunnlag for å bli fremma som aktuelle tiltak.

Til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 har rådmannen føreslått kutt som ein i moderne tid ikkje har sett i Seljord. Dette er gjort for å få budsjetta i ballanse. Fokuset har våre å bevare velferdstenester framfor tilskot til eksterne aktørar. Rådmannens forslag tek også konsekvensen av at reduksjonen i befolkningsgrunnlaget gjer at vi bør levere tenester annleis framover. Denne endringa vil fortsette i åra som kjem i takt med forventa nedgang i innbyggjartal.

Ein kommune skal drive og utvikle gode velferdstenester og aller helst vere ein av fleire utviklingsaktørar i det samfunnet vi bur og trivast i. Kommunen er Seljord desidert største arbeidsplass, men vi er lite utan eit privat næringsliv, dei tilreisande og innbyggjarane. Det er dei vi er her for. Samstundes, så kan ikkje dei same aktørane klare seg utan kommunen. Vi er eit lag, og vi må forsøke å vera på lag framover også.

Når Seljord samfunnet nå står ovanfor relativt store endringar i befolkningsutviklinga, gir direkte negative konsekvensar for kommunens budsjetter. Fleire blir eldre og færre born vil komme til i grunnskulen. Færre born blir født, færre i arbeidsfør alder bidreg i arbeidslivet og fleire flyttar frå kommunen. Utviklinga krev tiltak og handlekraftige løysingar. Tida framfor oss vil i større grad krevja ein administrativt- og politisk stamina for å både taka og stå i naudsynte prioriteringar og slutningar.

Som ein konsekvens av endringane i befolkningsutviklinga meiner rådmannen at vi skal legge om tenestene i kommunen. I praksis så betyr dette at programområde 3, helse og omsorg må styrkast og programområdet 2, skule og oppvekst må reduserast som eit direkte konsekvens av utviklinga.

For å starte på dette arbeidet foreslår rådmannen at Åmotsdal barnehage blir samlokalisera i Flatdal oppvekstseneter frå 1. august 2020, og at barnehagen ved oppvekstsetneter blir samlokalisert i Seljord barnehage (Tussejuv og Heddeli) frå 1. august 2022. Rådmannens berekningar visar at ein i 2022 kan ta i mot alle barnehageborn i sentrum, utan å bygge nytt og samstundes få ein reduksjon i drifta.

For skulene kjem krysspunktet for når Seljord barne- og ungdomsskule kan ta i mot alle born i skulealder hausten 2026. Rådmannen meiner det er økonomisk rett å byrje planlegging av ein samlokalisering for skulane i slutten av økonomiplanperioden 2020-2023.

I slutten av økonomiplanen 2020-2023 kan vi sjå konturar på ein betring i økonomien. Betringa bør prioriterast inn mot PO3-helse og omsorg for å taka den veksten i behov som har starta og som kjem med forsterka styrke frå 2023.

Rådmannen meiner at det må takast grep som kanskje ikkje blir forstått eller akseptert på kort sikt ute i samfunnet. Likevel er det naudsynt for å sikre at Seljord kommune kan få att ende sitt økonomiske handlingsrom og mogligheter til igjen å vera ein utviklingsaktør inn i framtida.

Hovudmoment i kutt og innsparing:

Generelt for programområda blir det foreslått kutt som vil merkast i det daglege for dei tilsette og våre brukarar. I hovudtrekk nemnast det:

Programområde	Tiltak i hovudtrekk	Reduksjon i årsverk i øk.planperioden
PO1 - Sentraladministrasjon	Sentraladministrasjon er ein budsjettmessig lita eining i det totale budsjettet for programområdet. PO1 inneheld kommunens pensjonsavsettingar, drift av folkevaltordninga, kommunens store avtalar, forsikringar m.m. Frp 2021 tek PO1 ein reduksjon på to område som til saman vil vera omlag 0,8 årsverk.	0,8
PO2 – Skule og oppvekst	Programområde 2 – Skule og oppvekst vil slå saman tenester innan barnehage, og få redusert tilbodet innan kulturskulen. I begge tiltaka ligg det ein reduksjon på omlag 10 årsverk i økonomiplanperioden.	10
PO3 – Helse og omsorg	Programområde 3 – helse og omsorg vil redusere 1,5 årsverk innan psykisk helse og rus, kutte i kurs og etterutdanning, redusere ca eit årsverk innan omsorg, fjerne alle kjente bufferar i direkte drift.	1,5
PO4 – Samfunnsutvikling og drift	Programområde 4 – samfunnsutvikling og drift tek bort ein rekke tilskot til lag og foreiningar, avvikle eigarskap i Møtestad Seljord, redusere opningstid i symjehallen til 3 mnd i året for å sikre symjeopplæring og omlag 0,5 årsverk	0,5
Totalt		12,8 årsverk

Detaljar om kutt og tiltak i dei forskjellige programområdane finn ein via innhaldslista i Gul bok.

Per i dag driv vi ikkje forsvarleg innan byggforvaltinga i programområde 4, samfunnsutvikling og drift. Aukar vi ikkje vårt økonomiske handlingsrom vil dette utvikle seg til fleire programområder. Saman med eit fokus på forbetringar og kostnadsreduksjonar i drift, må vi auke inntektene til kommunen.

Eigedomskatt:

Det einaste området rådmannen veit om, og som vil auke inntektene slik at det monnar, er innføring av eigedomskatt for boligar, hyttar og næringseigedom som per i dag ikkje er omfatta av eigedomskatt.

Seljord kommune har i dag eigedomskatt på kraftverk og noko næring som inngår i same definisjonen som lovkravet for kraftverk. Dette har vi hatt i fleire ti-år. Inntektene for eigedomskatt gir omlag 11 mill kr. Legg ein til sal av konsesjonskraft gjev dette kommunen omlag 20 millionar kr totalt årlege inntekter. Denne eigedomskatten har til nå våre relativ ukontroversiell. Rådmannen rår til at denne fortsett, uavhengig av kva kommunestyre vedtek rundt eigedomskatt elles.

Prognosane vi har lagt til grunn for innføring av eigedomskatt er følgande:

	2020	2021	2022	2023	Øk.plan perioden
Sum	-1 500 000 kr	6 000 000 kr	9 000 000 kr	12 000 000 kr	27 000 000 kr

Rådmannen har brukt eigedomskatt som ein del av salderinga for å få budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 i hamn, kor arbeidet med innføring av eigedomskatt startar i 2020. Skal vi oppnå ballanse utan eigedomskatt må ein politisk prioritere å finne ein budsjettmessig inndekning på 27 millionar kr i økonomiplanperioden.

Hovudutfordringar framover:

Rådmannen har fleir gonger tidligare varsla at Seljord kommune burde i større grad sikre ein forsvarleg økonomisk drift og økonomisk buffer over tid. Statestikken visar at dei økonomiske kurvane for Seljord har variert tildels kraftig over ein 10 års periode. At man politisk gjer sine prioriteringar har rådmannen forståing og respekt for. Det er likevel ein rådmanns oppgåve å opplyse om konsekvensane av disse prioriteringane, og det manglande handlingsrommet det gjer vidare.

Det er fleire faktorar som gjer den økonomiske situasjonen for Seljord vanskeleg frå og med 2020 og ut økonomiplanperioden:

- Når budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 ikkje lot seg løyse med reduksjon av 15 årsverk, og eigedomskatt ikkje ble innført, løyste vi inga av dei 23,6 millionar kr som var sei økonomiske utfordringane vi stod ovanfor. Utfordringa ble overført til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023.

- Tidlegare politiske vedtak om å drive med eit negativt netto driftsresultat har gitt Seljord eit mindre handlingsrom. Økonomiplanen framover legg opp til ein vridring frå negativt til eit positivt resultat.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Netto driftsresultat	-1,74 %	-0,15 %	-0,08 %	-1,59%	0,21 %	0,38 %	0.74 %

- Framleis urovekkande høg lånegjeld på omlag 287 mill kr, men som eit positivt trekk visar den tydeleg reduksjon i økonomiplanperioden til omlag 250 mill kr. 1 % endring i rentesats vil medføra omlag 2,9 mill kr i utgiftar.
- Dei frie inntekter (rammetilskot, skatt og inntektsutjamning) syner ein real nedgang i økonomiplanperioden frå 195 mill kr til 190 mill kr i takt med befolkningsnedgangen.
- For 2020 er det signalisera at Seljord får 12 flyktningar. Vi har budsjettert med 10 kvart år. Vi ble tildelt 10 i 2019, men pr medio oktober har det kome 4. Frå 2021 har Imdi varsla at store endringar på nasjonalt plan, som vil påverke kor mange fletningar kommunane får til seg.

Økonomisk har talet på flyktningar som kjem ein påverknad for oss. Både kor stort vi til ein kvar tid skal dimensjonere tenestene som støttar opp rundt flyktningane, og ved at vi budsjettera med ein viss sum, men i realiteta får inn ein anna sum.

- Ny kommunelov krev ein anna beregningsmodell av nedbetaling av lån enn det Seljord har nytt seg av. Dette gjev ein årleg auke frå 2020 på omlag 3,3 mil kr i avdrag med dagens rentesats.
- Reduksjon i inntekt på omlag 3,8 mill kr på grunn av nedgang i barnetala. Frå 2019 til 2022 går talet på innbyggjarar 6-15 år (grunnskulealder) ned frå 371 til 341 (ein nedgang på 30), og i aldersgruppa 2-5 år går talet ned frå 102 til 88
- Aukande pensjonskostander utover i økonomiplanperioda.

Politisk ynskje om reell valmoglichkeit til rådmannens tilråding

Rådmannen har jobba etter ein politisk bestilling, kor ein i tillegg til rådmannens tilråding ynskjer eit reelt alternativ kor ein kan velje vekk eigedomskatt, og/eller bytte ut tiltak rådmannen tilrar med andre politiske prioriteringar.

Rådmannen ser at dette vanskeleg let seg gjøre. Ved budsjett-statusoppdatering så manglar det omlag 6 millionar kroner for å få et budsjett og økonomiplan 2020-2023 i ballanse. Då er eigedomskatt lagt til grunn for salderinga. Nye kuttrundar er gjennomført i programområda og ved siste status føre utsending manglar det omlag 4 millionar kronar for å gå i ballanse. Rådmannen foreslår å nytte disposisjonsfond for å kompensere opp til eit balansert budsjett.

Rådmannen har sett seg nøtt til å bruke alle kjente kutt tiltak for å få budsjett og økonomiplan i balanse.

Rådmannens anbefalingar:

Vedta Gul bok med fylgjande presiseringar for å få balanse i:

Budsjettet 2020:

- Starta opp prosessen og gjennomføre taksering av hus, fritidsbustader og næringseigedom som i dag ikkje har eigedomskatt, med mål om innføring av eigedomskatt frå 2021
- Avgrense nye tiltak som førar til auke i drift
- Avgrense nye investeringstiltak
- Søke å gjere om/stanse allereie vedtekne tiltak som ikkje er byrja på som er juridisk tilrådeleg
- Ha fokus på forbetrinigar og moglige reduksjonar i drifta
- Bruk av disposisjonsfond for å dekke opp naudsynt drift
- Dagens nyttiggjering av eigedomsskatt å verker og bruk fortsett
- Føreslårte justeringar i kommunale gebyr vedtaks

Økonomiplanperioden 2020-2023:

- Avgrense nye tiltak som førar til auke i drift
- Avgrense nye investeringstiltak, med fokus på;
- Fylgje ein plan for å oppnå kommunestyres tidigare fatta økonomiske handlingsmål
- Holde fokus på å redusere lånegjeld, slik at man betre er i stand til å handsame nye avskrivningsreglar og ein renteauke på inntil 3%
- Dagens nyttiggjering av eigedomsskatt på verker og bruk fortsett. I tillegg gjennomførast;
- Taksering av privathus, hytter og næringseigendom i 2020 og innføre eigedomsskatt for privathus, fritidseigendom og næringseigendom frå 1. januar 2021

Balanse gjev ikkje 1,75 % i netto driftsresultat. For å oppnå dette målet, må ytterligare tiltak settast inn.

Seljord 10 år fram i tid

For å seie nokke om Seljord 10 år fram i tid har vi nytta oss av historiske tall og statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og Telemarksforsking sin stedsanalyse for Seljord kommune oppdatera for 2019. Handlingsprogrammet som blir omhandla seinare i dokumentet seier nokke om konkrete tiltak som kan bidra til stedsutvikling.

Seljord 10 år fram i tid tek for seg ein meir faktaorientert tilnærming for å danne eit grunnlag for ein debatt om kva vi skal bruke dei store pengane i kommunebudsjettet framover. Fakta er ikkje kjenslestyrkt. Tala gir moglighet til å vite kva for element ein kan påverke for å få ynskja utvikling. Det må vera vår oppgåve og interesse å jobbe for å slå nedgåande trendar.

Når vi skal vidare og inn i talla får vi ikkje nødvendigvis alle svara vi treng eller håpar på. TF saman med SSB seier i bredde og dybde nokke om storleiken på talla, men ikkje nødvendigvis dei menneskelege faktorane for kvifor tala blir som dei blir.

Vidare går vi kort inn på indikatorane: Næringsattraktivitet, befolkningsutvikling, bustadattraktivitet får vi ein større innsikt for status pr dd. For å omtale dette blir det nytta informasjon frå Telemarksforskings sin www.regionaleanalyser.no.

Seljord i forhold til andre

På regionalt nivå veit vi at Telemark som fylke har ein negativ befolkningsutvikling og har hatt det over tid. Dei fleste kommunar i Telemark har den same negative utviklinga i mindre eller større grad. Seljord kommune har delteke i eit nettverk saman med andre kommunar kor Telemarksforskning (TF) har koordinert og samanstilt data rundt stedsattraktivitet. Seljord blir ikkje direkte samlinga med dei andre kommunane i nettverket spesielt, men opp mot eit landsgjennomsnitt.

TF peikar på fem fokusområdar som kvar seg kan påverke stedsattraktiviteten i ein kommune positivt eller negativt.

Fokusområda delast inn i ni indikatorar, og desse indikatorane kan igjen linkast til ytterligare mindre delindikatorar. Faktene er basera på historiske tal frå 2001 fram til 2019.


Skalaen går frå -2,5 til +2,5, kor 0 er landsgjennomsnitt. Tabellen under visar Seljord sine tall for stedsattraktivitet i 2019.

Attraktivitet:	Besøksattraktivitet Bostedsattraktivitet Næringsattraktivitet Norsk kulturindeks Arbeidsledighet og sysselsetting
Folkehelse:	Levealder Sykdomsbilde Klimaansvar
Natur og miljø:	Kulturmiljøer Natur og friluftsområder Barnefattigdom
Oppvekst:	Barnehage Grunnskole Nærmiljø
Trygghet:	Barnevern Helsetjenester Pleie og omsorg

	Askim	Bø	Drammen	Fredrikstad	Horten	Notodden	Sarpsborg	Seljord	Tønsberg	Ullensaker
Attraktivitet	0,0	1,5	0,0	0,3	0,3	0,4	-0,4	0,2	0,2	0,8
Besøksattraktivitet	-0,5	0,5	0,4	-0,1	0,0	0,4	-0,3	-1,0	-0,2	0,8
Bostedsattraktivitet	-0,2	2,5	-0,6	0,4	0,1	-0,5	-0,3	0,6	0,0	2,1
Næringsattraktivitet	-0,1	1,3	-0,1	0,1	0,0	0,0	-0,3	-0,5	-0,4	0,9
Norsk kulturindeks	0,5	1,7	0,5	0,8	1,3	1,6	-0,6	1,5	1,3	-0,7
Folkehelse	-0,9	-0,5	-0,4	-0,6	-0,8	-0,5	-0,8	0,3	-0,2	-0,1
Arbeidsledighet og sysselsetting	-1,4	-0,8	-0,9	-1,1	-1,6	-1,0	-1,2	0,4	-0,6	0,0
Levealder	-1,0	-0,4	-0,3	-0,4	-0,9	-0,5	-0,7	-0,3	-0,4	0,0
Sykdomsbilde	-0,6	-0,5	-0,2	-0,4	-0,4	-0,2	-0,5	0,7	0,1	-0,2
Natur og miljø	0,0	0,1	-0,1	-0,4	0,4	0,5	-0,5	0,2	-0,8	-0,9
Klimaansvar	0,2	0,4	-0,4	-1,2	0,0	0,3	-1,2	0,4	-1,9	-1,7
Kulturmiljøer	-0,3	-0,1	-0,2	0,1	0,7	0,8	-0,3	0,0	-0,1	1,6
Natur og friluftsområder	0,1	-0,1	0,2	-0,2	0,3	0,3	0,1	0,3	-0,4	-2,5
Oppvekst	-0,1	0,3	-0,1	0,0	0,0	0,0	0,1	-0,4	0,4	0,0
Barnefattigdom	-1,1	-0,5	-1,5	-1,2	-0,4	-1,2	-1,2	-0,8	0,4	0,3
Barnehage	-0,4	0,0	-0,4	-0,2	0,2	0,1	-0,3	0,9	0,2	-0,6
Grunnskole	0,2	0,7	0,3	0,3	0,2	0,1	0,4	-1,1	0,2	0,2
Nærmiljø						-0,4	0,3		0,8	-0,1
Trygghet	-0,1	-0,9	0,2	-0,4	0,0	-0,3	-0,1	-0,1	0,0	-0,5
Barnevern	-0,4	-0,5	0,4	-0,9	0,2	-0,7	-0,8	-0,1	0,4	-0,4
Helsetjenester	0,0	-1,2	0,0	-0,3	0,0	-0,2	-0,1	0,0	0,1	-0,9
Pleie og omsorg	0,5	-1,4	0,0	0,6	-0,3	0,1	1,4	-0,1	-1,3	0,5
Totalsum	-0,3	0,0	-0,1	-0,2	-0,1	-0,1	-0,2	0,0	0,1	-0,1

Arbeidsplassutvikling og næringsattraktivitet:

I tidsrommet 2000 til 2018 har det arbeidsplassutviklinga i Seljord vore relativ stabil, men perioden frå 2006 -2014 syner at kommunen hadde stor vekst i det private næringslivet.



Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023


	Arbeidsplasser			Prosent bidrag	
	Innflytting	Utflytting	Nettoflytting	Netto-flytting	Næringsattraktivitet
Sarpsborg	4098	3191	907	5,6	2,6
Fredrikstad	3493	5159	-1666	-7,3	-9,7
Trøgstad	210	205	5	0,6	17,0
Spydeberg	547	348	199	13,2	9,6
Askim	894	1286	-392	-9,8	-11,2
Eidsberg	478	620	-142	-4,1	-0,2
Hobøl	204	423	-219	-32,1	18,2
Ullensaker	5391	4708	683	3,7	27,1
Drammen	5710	7272	-1562	-6,6	-8,3
Horten	734	1083	-349	-5,1	-2,0
Tønsberg	4589	5784	-1195	-6,8	-18,0
Notodden	236	346	-110	-3,3	-26,4
Bø	138	279	-141	-7,9	-13,4
Sauherad	149	175	-26	-3,0	11,9
Seljord	211	209	2	0,2	-5,9

Tabell til venstre viser tal på arbeidsplassar i bedrifter som i perioden 2000- 2018 flytt ut og inn av kommunen, og kva det har betydd for vekst og næringsattraktivitet. Seljord har i perioden positiv nettoflytting, med totalt 2 arbeidsplassar.

Tabell under til venstre viser tal på arbeidsplassar i bedrifter som har flytta inn eller ut i perioden 2001-2018, etter bransje. Seljord har tapt arbeidsplassar i bygg og anlegg.

Bransje	Innflytting	Utflytting	Netto
Agentur og Engros	14	-1	13
Aktivitet	0	0	0
Anna industri	0	0	0
Bygg og anlegg	54	-129	-75
Diverse	4	-2	2
Finans, eiendom, uteie	2	0	2
Fisk	0	0	0
Forr tjenesteyting	1	-1	0
Gruve	2	-7	-5
Handel	2	-1	1
Landbruk	0	0	0
Lokal	0	0	0
Næringsmidler	0	0	0
Olje og gass	0	0	0
Olje og gass utvinning	0	0	0
Overnatting	0	0	0
Prosessindustri	0	-1	-1
Servering	0	0	0
Teknisk/itvitenskap	0	0	0
Tele og IKT	0	-1	-1
Transport	64	-43	21
Utleie av arbeidskraft	0	0	0
Verkstedindustri	0	0	0
Ukjent	68	-23	45
Totalsum	211	-209	2

I figuren under er det vist utviklinga av arbeidsplassar i næringslivet i Seljord. Figuren syner at vi ikkje har lukkast med å vere attraktiv jamfør mål om arbeidsplassvekt.



Bustaattraktivitet:

Det er tre drivkrefter som påverkar flytting til eit sted.


1. Nasjonale strømmingar

Når det er høg innvandring til Noreg vil dei fleste steder få sin del av innvandringa

2. Sentrale strømingar

Flyttemønsteret i Noreg går frå små stader til meir folkerike stader.

Effekten heng også saman med korleis arbeidsmarknadsintegrasjonen er i regionen. God integrasjon (gode muligheter for arbeid i nærleiken) får betre nettoinnflytting enn regionar med lav integrasjon.




3. Arbeidsplassutvikling

Er det auke eller nedgang i arbeidsplassar i nærleiken vil påverke kor attraktivt det er å bu på staden. Figuren over til høgre viser at Seljord har hatt positiv bustadattraktivitet i perioden frå 2013 og fram til i dag.

Til høgre vises ein oversikt over samla attraktivitet for tidsrommet 2005 – 2018. Telemarksforskning (TF) framhevar to måta ein kommune kan skape vekst på.


Kommunen kan skape kvalitetar som aukar innflytting og redusera utflytting (bustadsattraktivitet).

Den andre er at kommunen kan skape næringsattraktivitet som fører til ekstra vekst i talet arbeidsplassar.



Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

TF bygger fleire av sine analyser på Statistisk sentralbyrå (SSB) sine prognosar for forventa befolkningsutvikling. Nærings- og bustadsattraktivitet kjem innunder faktoren nettoinnvandring. I tillegg ser SSB på fruktbarheit (kor mange born er forventa født) og levealder.



Slik situasjonen er i dag klarar ikkje Seljor då oppnå trenden i lav nasjonal vekst (LLLL), og vi ligg ann il å ha ein auke blant eldre som vil følgje SSB sitt hovudalternativ (MMMM) eller høgare. Vi har altså to viktige faktorar som kva for seg har stor innverknad på kommunens inntekter og utgiftar i negativ forstand.

Tabellen under er basera på SSB sin LLML kalkyle, Log nasjonalvekst, Log fruktbarhet, Middels levealder og Log netto innvandring. Per oktober 2019 er folketallet på 2890 innbyggjarar, ikkje 2940 som ligg til grunn i prognosene. Vi aukar i eldre og søkk raskare blant yngre, så

Lågalternativet (LLML) - Låg utvikling i fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og innvandring		2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040
0-5 år		154	143	141	138	129	133	132	131	133	134	135	136	138	141	141	142	143	144	145	144	144	
6-15 år		368	369	355	347	338	329	323	311	294	281	271	263	262	258	251	255	255	255	254	254	258	265
16-66 år		1 821	1 819	1 819	1 812	1 815	1 824	1 819	1 812	1 816	1 825	1 831	1 833	1 824	1 825	1 830	1 811	1 813	1 814	1 805	1 801	1 799	1 790
67-79 år		434	458	471	488	482	485	485	497	488	486	477	475	477	471	458	468	460	460	469	466	456	462
80-89 år		129	135	138	140	151	148	164	170	184	194	208	214	222	234	247	250	251	247	242	246	251	252
90 år og eldre		34	30	30	28	28	31	32	36	32	32	32	32	33	37	42	44	48	51	54	53	61	63
Sum		2 940	2 954	2 954	2 953	2 943	2 950	2 955	2 957	2 947	2 952	2 954	2 953	2 956	2 966	2 969	2 970	2 970	2 971	2 969	2 964	2 969	2 976
0-66 år		2 343	2 331	2 315	2 297	2 282	2 286	2 274	2 254	2 243	2 240	2 237	2 232	2 224	2 224	2 222	2 208	2 211	2 213	2 204	2 199	2 201	2 199
67 år og eldre		597	623	639	656	661	664	681	703	704	712	717	721	732	742	747	762	759	758	765	765	768	777

Gjennomsnitt av hoved- og lågalternativet (realistisk alternativ??)

Skulealder	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040
6-15 år	368,5	371	356	347,5	340	331,5	328	317	303,5	292,5	285,5	279	278,5	278	276,5	281,5	283,5	286,5	289,5	291,5	295,5	302,5

Antal elevar på Seljord barne- og ungdomsskule 01.10.2019 (plantal): 300

Gjennomsnitt 2027-2040: 287

Dvs. om åtte år (om lag 01.08.2027) har alle elevane i Seljord kommune "god" plass på dagens Seljord barne- og ungdomsskule

kanskje allereie i 2026, då er det 317 innbyggjarar i aldersgruppa 6-15 år, og 01.04.2019 var det 317 elevar på Seljord barne- og ungdomsskule

..... Etter lågalternativet kan det kanskje vere plass i Seljord sentrum allereie fom. 01.08.2024 (om fem år). Innbyggjartalet i 2024 (6-15 år) er då 329, 12 fleire

enn elevtalet 01.04.2019 på Seljord barne- og ungdomsskule

Gjennomsnitt av hoved- og lågalternativet (realistisk alternativ??)

Eldre	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	Auke 2019 til 2040
67-90 år og eldre	598	624,5	643	659,5	668,5	672	691	712	719	725,5	733	741,5	752,5	767	771	790	791,5	793,5	802	803	806,5	820,5	
Auke i høve til året før	0	27	18	17	9	3	19	21	7	7	7	9	11	14	4	19	2	2	8	1	4	14	223
Auke i "årsintervall"				114								78								31			
Auke pr. år (i "årsintervall")				16								10								5			

Etter høgalternativet (HHHM) er innbyggjartalet i 2040 i aldersgruppa 6-15 år: 340 og 864 i aldersgruppene 67 år og eldre.

Konsesjonsavgiftene er "inputen" på kraftfondet (Næringsfond I). NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) justerer konsesjonsavgiftene kvart 5. år. 2019 er første året i ny 5-årsperiode. Konsesjonsavgiftene forfall til betaling heilt i slutten av desember kvart år. Kva konsesjonsavgiftene vert i ny 5-årsperiode (2019-2023) veit vi ikkje pr. no, men ved justeringa ved førre periode gjekk dei opp kr 160.000.

Utbyte frå aksjeselskap

Selskap	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Vest-Telemark kraftlag	2 850 000	1 900 000	1 900 000	2 850 000	4 180 000	5 130 000	3 325 000	3 325 000	3 325 000	3 325 000
Telemark bilruter	40 000	40 000	47 000	47 000	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Sum	2 890 000	1 940 000	1 947 000	2 897 000	4 230 000	5 180 000	3 375 000	3 375 000	3 375 000	3 375 000
Gjennomsnittleg utbyte VTK. Rekneskap 2014-2019										
3 181 000										

Seljord kommune eig 19 % av Vest-Telemark kraftlag (VTK), til liks med dei andre Vest-Telemarkkommunane, med unnatak av Nissedal som eig 5 %. Kr 3.325.000 i årleg utbyte til Seljord kommune tyder eit samla utbyte til eigarkommunane på kr 17,5 mill. Utbytet vert utbetalt med bakgrunn i VTK sitt resultat året før.

I e-post 27.09.2019 til Øystein Tveit, rådmann i Kviteseid kommune, skriv Ketil Kvaale, administrerande direktør i VTK):

«Prognosa viser p.t. ca 40 mill i resultat, men er sårbar for kraftpris og temperatur i 4.kvartal. Forsiktig utbytteanslag kan då vera 17-18 mill.kr. Men vi garanterar ikkje at det ikkje kan bli lågare. Du kan gjerne bringe dette vidare til andre rådmenn.»

Eigedomsskatt

Skatteobjekt	2020	2021	2022	2023
Kraftanlegg	6 299 000	6 299 000	6 299 000	6 299 000
Overføringsanlegg	1 095 000	1 095 000	1 095 000	1 095 000
Produksjonsutstyr og installasjoner ("maskinskatt"). Overgangsordning	141 000	113 000	85 000	56 000
Næringerseigedomar (tidlegare "verk og bruk"). Overgangsordning	156 000	156 000	156 000	156 000
Sum "eksisterande" eigedomsskatt	7 691 000	7 663 000	7 635 000	7 606 000
Næringerseigedomar (Ny)	0	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Bustad- og fritidseigedomar (Ny)	0	3 000 000	6 000 000	9 000 000
Sum eigedomsskatt (ny)	0	5 000 000	8 000 000	11 000 000
Sum totalt	7 691 000	12 663 000	15 635 000	18 606 000

Ved innføring av eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar må ein byrje på lågaste skattesats som er 1 promille og deretter kunne auke med maksimalt 1 promille kvart år til ein når maksimal sats på 5 promille. Når det gjeld verk og bruk (og næringseigedomar) er Seljord kommune for lenge sidan kome opp i 7 promille. Eigedomsskatt på verk og bruk vart innført i Seljord i 1976.

Regjeringa kome med framlegg om at maksimalsats frå 2021 for bustad- og fritidseigedomar skal vere 4 promille.

Rådmannen gjer framlegg om å innføre eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Seljord kommune frå og med 2021, jf. eigedomsskattelova § 3 a, med ein skattesats på bustader og fritidsbustader på 1 promille i 2021, 2 promille i 2022 og 3 promille i 2023 og 7 promille for næringseigedomar i heile perioden.

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Eigedomsskatten på ein bustadeigedom med ein formuesverdi (likningsverdi) i 2018 på kr 475.206 (kanskje ein gjennomsnitts bustadeigedom i Seljord kommune?) vert slik:

Formuesverdi (likning 2018)			475 206
Bustadverdi/Marknadsverdi = Formuesverdi	475 206	4	1 900 824
Obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 %	1 900 824	-30 %	-570 247
÷ Eventuelt botnfrådrag			0
Berekningsgrunnlag			1 330 577
Eigedomsskatt (år 1/2021)		0,1 %	1 331
Eigedomsskatt (år 2/2022)		0,2 %	2 661
Eigedomsskatt (år 3/2023)		0,3 %	3 992
Eigedomsskatt		0,4 %	5 322
Eigedomsskatt		0,5 %	6 653

Formuesverdien (likningsverdi) er ein fjerdedel av marknadsverdien.

Det er kommunestyret som må bestemme om det skal vere botnfrådrag, og kor stort det eventuelt skal vere.

For næringseigedomar er det marknadsverdien (leigeverdien) som gjeld og Seljord kommune er allereie på 7 promille på slike eigedomar. Ein næringseigedom som får ein eigedomsskattetakst på kr 10 mill., må då årleg betale kr 70.000 i eigedomsskatt, og det er grunn til å tru at nokre næringseigedomar får ein god del høgare takst enn det, fleire vil nok få ein skatt over kr 100.000 pr. år (og nokre kanskje godt over det også). Mange næringseigedomar vert sjølvsagt taksert langt lågare enn kr 10 mill.

Nokre eigedomar er fritekne for eigedomsskatt, til dømes statlege og kommunale eigedomar, kyrkjer og eigedomar som vert drivne som gardsbruk eller skogsbruk (men våningshuset kan ikkje fritakast). Dessutan kan kommunestyret fritaka nokre typar eigedomar, til dømes eigedomane til friviljuge lag og organisasjonar, og bygningar med historisk verdi.

Inntektene frå den nye eigedomsskatten som er lagt inn rådmannens framlegg til budsjett er eit overslag. Det er lagt inn kr 1,5 mill. (rund sum) i 2020 til innleige av konsulentar/taksatorar til takseringsarbeidet, eventuelt òg ekstraarbeid for kommunalt tilsette, og eigedomsskattetakstnemnda.

Eit oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester finst i eige vedlegg.

Brutto lånegjeld

Låneopptak/ Avdrag	Dato/År	Beløp	Antall innb. 1/7-19	Lånegjeld pr. innbyggjar
Lånegjeld	31.12.2018	282 275 000	2 920	96 670
Låneopptak	2019	2 000 000		
Avdrag	2019	-9 513 000		
Lånegjeld	31.12.2019	274 762 000	2 920	94 097
Låneopptak	2020	25 245 000		
Avdrag	2020	-13 029 000		
Lånegjeld	31.12.2020	286 978 000	2 920	98 280
Låneopptak	2021	1 320 000		
Avdrag	2021	-13 569 000		
Lånegjeld	31.12.2021	274 729 000	2 920	94 085
Låneopptak	2022	1 320 000		
Avdrag	2022	-13 542 000		
Lånegjeld	31.12.2022	262 507 000	2 920	89 900
Låneopptak	2023	1 320 000		
Avdrag	2023	-13 569 000		
Lånegjeld	31.12.2023	250 258 000	2 920	85 705

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Finanskostnader

Linenavn	Rekn. 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rådmannens budsjetrente i økonomiplanperioden			2,50 %	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Renteinntekter og utbyte	-5 355 000	-5 968 000	-4 725 000	-4 725 000	-4 725 000	-4 725 000
Sum renteinntekter og utbyte	-5 355 000	-5 968 000	-4 725 000	-4 725 000	-4 725 000	-4 725 000
Renteutgifter på lån	4 256 000	6 180 000	6 967 000	6 982 000	6 687 000	6 392 000
Avdragsutgifter	8 428 000	8 896 000	12 412 000	12 952 000	12 925 000	12 952 000
Diskontering av avdragsutgifter med 3,1 % kvart år	0	0	0	-389 000	-766 000	-1 134 000
Sum rente- og avdragsutgifter	12 684 000	15 076 000	19 379 000	19 545 000	18 846 000	18 210 000
Netto finanskostnader	7 329 000	9 108 000	14 654 000	14 820 000	14 121 000	13 485 000

Kommunalbankens framlegg til budsjettrente	2020	2021	2022	2023
Lånerente med bruk av Norges Bank overslag	2,59 %	2,58 %	2,54 %	2,50 %
Lånerente med bruk av marknadsrenter	2,40 %	2,28 %	2,20 %	2,15 %
Gjennomsnitt av Norges Bank og marknad	2,50 %	2,43 %	2,37 %	2,33 %



Seljord kommune

Pensjon

Det er budsjettet med kr 18,3 mill. i pensjonskostnad i 2020, aukande til kr 19,6 i 2021, kr 19,9 i 2022 og kr 20,6 i 2023. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift. Auken i pensjonskostnaden kjem først og fremst pga. aukande «amortisering av tidlegare år premieavvik». Korleis pensjonskostnaden vert utover i økonomiplanperioden er usikkert. Pedagogisk personale er innmeldt i Statens Pensjonskasse, alle andre i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

For å unngå store variasjonar i pensjonskostnaden, er det innført ei ordning som skal jamne ut utgiftsført pensjonskostnad over tid. Denne ordninga, som kom i 2002, har ført til at kommunane dei siste åra har utgiftsført ein lågare pensjonskostnad enn det dei verkeleg har betalt inn i premie. Pr. 31.12.2018 har Seljord kommune i åra 2002-2018 utgiftsført i rekneskapen kr 13,2 (ekskl. arbeidsgjevaravgift) mindre enn det som faktisk er betalt inn i pensjonspremie. Dette beløpet skal utgiftsførast ("amortiserast") i åra som kjem. Premieavviket for 2002-2010 skal amortiserast over 15 år, 2011-2013 over 10 år og premieavvik for 2014 og frametter over 7 år.



Seljord kommune

Investeringar

Investeringsbudsjettet er hovudsakleg ei realisering av tidlegare politiske vedtak. Det bør i løpet av 2020 vurderast om kommunen skal ha ei øvre grense for kor lang tid det kan gå frå politiske vedtak vert fatta og til dei blir realisert, eller har fastsett tid for realisering, før saka kjem opp til ny politisk handsaming. Eit døme på eit slikt vedtak kan vere ny avkøyring frå E 134 og straumtilførsel til industriområdet som vart vedteke i samband med budsjett 2015 og der det framleis ikkje er fastsett tidspunkt for oppstart. Ein del av investeringsutgiftene kjem som fylgje av eksterne pålegg etter tilsyn, og som fylgje av slitasje eller skade på eksisterande kommunale eidedalar, dvs. "må-oppgåver". Nokre av kostnadene i investeringsbudsjettet er usikre. Fleire av investeringar er relatert til vatn og avlaup (VA) og vert finansiert av innbyggjarane gjennom kommunale avgifter.

Som tiltak i handlingsprogrammet, for å nå målsetjinga om at Seljord skal leggje til rette for meiningsfulle kultur –og fritidsaktivitetar for alle, er det vedtatt å planlegge nytt badeanlegg i 2020, dette er ikkje kostnadsbereknad og er ikkje med i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Detaljar om investeringane går fram av tabell "Budsjettkjema 2A og 2B"

Seljord vassverk

Sluttsum for investering i nytt vassverk for Seljord sentrum er totalt på kr 500.00. Kostnadene vil bli finansiert gjennom VA-avgiftene.

VA-anlegg på Århus industriområde (inkl. ny brønn.)

Det blei i 2012 løyvd kr. 4.000.000 til etablering av nytt VA nett på Århus. Arbeidet starta opp i 2017. Det er satt av ekstra kr. 400.000 i midlar til konsesjonssøknad og grunneverv av ny brønn i 2019. Kostnadene vil bli finansiert gjennom VA-avgiftene. Arbeidet er venta avslutta våren 2020.

Nytt avløpsanlegg på Bjørgesida.

Det står att litt arbeid som må gjennomførast til våren 2020. Estimert kostnad er 600.000,-.

Nytt VA nett til Nordbygdi industriområde.

Kostnadsoverslag for nytt leidningsnett - hovudstrekks VA, samankopling av gammal og ny vassleidning, kryssing av Bygdaråi samt forsterkning av vassleidning frå Dyrskuplassen til Nordgardstangen. Kostnad, like i overkant av kr. 8.600.000, gjer at kostnaden med å framføre vatn og avlauv er svært høg sett i forhold til potensielle nye abonnentar. Kostnaden med framføring av vatn og avløp vil bli belasta kommunens eksisterande abonnentar og vil utgjer ca. 12.000 kr totalt pr. abonnent fordelt på avskrivingstida på 40 år. Investeringsramme på ytterlegare 900.000,- som blei løyvd ekstra i budsjett 2018, vart i budsjett 2019 trekt ut etter ordførars (Halfdan Haugan) understrekking om at dette var løyvd med bakgrunn i ei misforståing i kommunikasjonen med Telemark Bilruter AS.

Trafikktryggleikstiltak.

På same måte som tidlegare år, vert det lagt fram forslag om å vidareføre arbeidet med trafikktryggleik gjennom investeringar i infrastruktur for å medverke til auka tryggleik i den lokale trafikken. Løyvinga nyttast i samsvar med plan for trafikktryggleik. Det er budsjettert med kr 1 mill. årleg. Tilskot frå fylkeskommunen på inntil 60% og mva kompensasjon gjer at den kommunale delen utgjer ca. kr. 320.000 årleg

Kommunal teknikk

Det er behov for eit strøsandlager med moglegheit til å plassere sesongutstyr under tak. Dette er eit lager som er tenkt plassera på tomta til Seljord reinseanlegg. Eit slik lager gjer at ein kan ta i mot strøsand i større kvanta, og frå fleire tilbydarar. Noko som vil gje reduksjon i kostnad over tid. Kostnad for bygging av lager er på ca 400.000,-.

Det er behov for å investere i ein beitepussar/krattknusar og eit isskjær til kommunale vegar. Med dette utstyret i eigen regi kan SK føreta kantvegetasjonsrydding sjølv og når behovet er der. Ved å skjerpe inn på brøytinga vil ein risikere at det kan bli litt meir behov for ishøvling. Å leige ein stor høvel ligg ca på 2000,- i timen, og etterspørselet er stor slik at SK ikkje får ekstern ishøvling når det er behov. Kostnad for dess to redskapa er på omlag 200.000,- og ein venter at investeringa vil betala seg over 3-4 år.

Ny avkøyring til industriområdet i Nordbygdi.

Reguleringsplanen for Nordbygdi (vedteke 11.06.09) legg opp til å utvikle industriområdet mellom elva og E 134 i Nordbygdi. For å realisere dette må det lagast ny avkøyring frå E 134 og ny straumtilførsel. Dette er kostnadsrekna til om lag kr. 5.000.000. inkl. mva., og ein sum på kr. 3.500.000 mill. inkl. mva. vart vedteke som ein del av investeringsbudsjett for 2015. Summen har auka ettersom tiltaket ikkje er gjennomført, samt at nye kostnadsberekingar er lagt til grunn. Kostnad for tiltaket jamfør vedtak i formannskapet sak 86/16, er ikkje tatt høgde for når kostnadsberekinga blei utarbeida.

Etablering av hardbruksbustader

Det er naudsynt for kommunen å vurdere å gå til innkjøp av såkalla hardbruksbustader. Seljord kommune må finne egna tomteområde, kjøpe inn modular eller bygge hardbruksbustader ein stad som er sentral i forhold til offentlege tenestetilbod. Det er vurdera at det er behov for inntil 3 stk. slike bustader. Husbanken kan gje tilskott og rimeleg lån, men dette må utgreiast nærmere. Det er syna eit tilskot på 20% for kjøp av tomt/bustadeigedom som kan passe for føremålet.

Heve dispensasjon Flatdal Skule

Seljord kommune har ikkje godkjent Flatdal skule etter forskrift om miljøretta helsevern. Det er gitt dispensasjon til hausten 2020. Teknisk eining har gjennomført noko naudsynt vedlikehald, samt utbetra noko av tilhøva i 2019. Det står att noko av det mest preserande som gjeld arbeidshøve for dei tilsette. Det er planlagt å rive ein innveregg slik at vi får til eit arbeidsrom som stør krava.

Nytt varmestyringssystem Nesbukti

Varmestyrings systemet på Nesbukti er frå 2003, dette systemet er därleg, og ein slit med å halde det operativt. Fare for havari er til stade. Firmaet som levera dette i si tid eksisterar ikkje lenger. Det bør difor investera i ei oppgradering til eksisterande toppsystem på heile bygget. Tilbygget på Nesbukti og Nestunet har det nye systemet.

Ombygging Heddeli

Kostnad av ombygging Heddeli er estimert til å ligge mellom 7.5 millionar og 8.5 millionar kr. det er litt over anslaget som blei gitt i vår. Brannteikningar og brannrapport er utarbeida, og ein har fått Skorve ent. til å gje eit kostnadsoverslag. Det er forslag om å selge fylgjande kommunale eigedom: Moganvegen 1 - Dagsenter Psykiatri

Det er uvisst kva som vil bli salssum for huset, men ein har satt eit lågt estimat på 1.000.000 for sal av kommunal eigedom.

Budjettskjemaet «Investeringar i varige driftsmidlar» syner ein samla oversikt over investeringstiltak i budsjett 2020 og i økonomiplanperioden.

Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter

Innleiring

Sentraladministrasjonen bidreg til fellesstenester for alle programområdane. I følge ein landsdekkande undersøking våren 2019 utført av Agenda Kaupang, ligg Seljord på normalen når det kjem til talet på tilsette i administrasjon. Tilsette i sentraladministrasjonen er rådmannsteamet, arkiv, sentralbord, personal- og økonomi, noko reinhald og sekretær/møtehandsamar til politiske møte.

Programområde har eit «alt for stort» budsjett i forhold til talet på tilsette. Dette fordi det er her kommunens pensjonsavsetting, kommunens store avtalar, kostandar for drift av folkevaltordninga også ligg innunder.

Kostnadsreduserande tiltak og endringar i PO1 som er tatt inn i rådmannens budsjettforslag:

Kapittel : Sentraladministrasjon					
Tiltak	1: Avvikle internpostkøyring				
Beskrivelse	Seie opp dagens internpostbod, erstatte med digitale løysingar og tildele einingane ansvar for å hente og bringe eigen post.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-91734	-119791	-119791	-119791	-451107
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-91734	-119791	-119791	-119791	-451107
SUM NETTO TILTAK	-91734	-119791	-119791	-119791	-451107

Tiltak	2: Redusere eller kutte i stilling ansvar 116 - 50% stillingsheimel				
Beskrivelse	Redusere stilling knytt til sentraladministrasjonen med 50 %. Det er for tidleg å seie kvar dette kan bli tatt. Dette er ikkje gjennomførbart før tidlegast frå 2021.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	0	-334347	-334347	-334347	-1003041
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	0	-334347	-334347	-334347	-1003041
SUM NETTO TILTAK	0	-334347	-334347	-334347	-1003041

Ansvar 100 – Folkevalde

Val i 2021 og 2023. Det er budsjettera med støtte til dei politiske partia, dette er ei frivillig ordning. Ordinær partistøtte kjem over statsbudsjettet.

Ansvar 101 – Kontrollorgan mm.

Budsjettet omfattar utgifter til kommunal revisjon og drift av kontrollutvalet og er i samsvar med kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret for budsjettåret 2020.

Ansvar 110 – Rådmannskontor og fellestenester

Budsjettet omfattar drift av rådmannskontoret og ei rekke fellesfunksjoner i kommunen. Budsjettet tek høgde for vidareføring av dagens nivå, med mindre justeringar på bakgrunn av erfaringstal i 2018 og 2019.

Som fylgje av endringsprosessen har det vorte ei auke i oppgåver og støttefunksjonar overfor einingsleiarane. Dette reknar vi med at er ein naturleg konsekvens i ein overgangsperiode der desse rollane er viktige for å lære opp, støtte og trygge einingsleiarane i deira nye oppgåver. Det vert vurdert som som ugunstig å gjere reduksjon på dette området i budsjettåret 2020. Ein reduksjon kan tidlegast bli vurdera i 2021, når vi meiner et einingsmodellen bør vere tilstrekkeleg stabilisert

Ansvar 111 – Økonomiavdelinga

Budsjettet gjeld drift av økonomiavdelinga. Det er lagt inn kr 1,5 mill. (rund sum) til konsulent/taksator til taksering av alminneleg eigedomsskatt.

Ansvar 112 – IT

Budsjettet omfattar drift av IKT innan alle avdelingane. Ein stor del av budsjettet går til driftsavtale med ekstern driftsoperatør, aspIT. I tillegg er det budsjettera med kostnader til lisensar og andre vedlikehaldsavtaler på ei rekke fagsystem innan arkiv, økonomi, skatt, helse, skule, pleie og omsorg, sosial, kart og oppmåling mm.

Ansvar 113 – Telefon

Budsjettet omfattar i hovudsak kostnader knytt til abonnement og teletrafikk.

Ansvar 114 – Forsikringar

Budsjettet omfattar kommunens forsikringar. Kommunen har inngått forsikringsavtaler gjennom forsikringsmeklaren Pareto. Kommunen har communal ansvarsforsikring, tingforsikring, gruppeliv, yrkesskade, barneulykke og forsikring av motorvogner i forsikringsselskapet Protector Forsikring. Reiseforsikring er i Europeiske reiseforsikring.

Ansvar 116 – Personalavdelinga

Budsjettet omfattar drift av personalavdelinga, inkludert løn, fråvær og refusjon, merkantil avdeling med ekspedisjon, post og arkiv, samt administrasjonslokale. I tillegg ligg bedriftshelsetenesta, og andre felleskostnader som til dømes opplæringsplan og felles velferdstiltak for tilsette til dette området.

Forslag til kutt på ansvar 116 dreiar seg om reduksjon i støttefunksjonar, som alle vil medføre merkbare konsekvensar ute i organisasjonen i form av redusert servicenivå, tregare handsaming og mindre tid til støtte og opplæring.

Internposttenesta er ei serviceteneste for alle einingar og avdelingar i Seljord sentrum. Intern og ekstern post til og frå lokasjonane blir henta og bringe til kommunehuset eller vidare sending med posten kvar arbeidskvartdag. Oppgåva inkluderer frankering av post og utlevering av pakker som kjem til kommunehuset, men skal ut på dei ulike arbeidsplassane. Vi ser at delar av oppgåva kan bli erstatta ved at vi utnytter dei digitale hjelpeMidla til intern kommunikasjon mellom einingar og administrasjonen. Post som skal ut av kommunen kan i stor grad bli send via sak- og arkivsystemet ePhorte eller andre system som kommunen brukar for å kommunisere med innbyggjarane på, som t.d. utsending av fakturaer og purringar på desse. Noko post vil truleg bli sendt pr. post også i komande budsjettår. Vi kan derfor ikkje eliminere frankeringskostnadane heilt.

Ved ei slik endring må einingar og avdelingar sjølv sjå til at post blir henta og sendt. Endringa vil gå ut over eksterne bedrifter i kommunen som nyttar seg av frankering og sending av post via kommunen. Desse blir fakturert for den posten dei frankerer ved hjelp av kommunens frankeringsmaskin.

Stillinga som arkivleiar blir ledig frå slutten av januar 2020. Det er vurdert om denne kan bli sett i samanheng med sekretærstillinga knytt til merkantil avdeling. Ei slik samanslåing kan ikkje kombinerast med ei eventuelt avvikling av sentralbordet, då det vil gå ut over dei same ressursane. Arkivområdet har vore prioritert dei siste fire åra. Vi har fått auka kompetanse på feltet og det er bygd opp ei kvalitativt god teneste som det er viktig å ta vare på vidare. Ei slik samanslåing vil føre til mindre tid til kvar oppgåve og dermed fare for redusert kvalitet på arkivarbeidet. Samtidig vil det gå ut over arbeidet som formannskapssekretær og politisk møtehandsaming. Ein reduksjon i arkivleiarrolla vil føre til mindre tid til opplæring og støtte overfor einingsleiarar og andre som skal bruke ePhorte (arkivsystemet).

Det er sannsynleg at arkivoppgåvene fyller ei full stilling i seg sjølv. I tillegg har denne rolla til no hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av val annakvart år. Dette er et tilleggsoppgåve som tek mykje tid pga. kursing via valdirektoratet i forkant av valperioden, førehandsrøysting, tidegrøysting og sjølv valdagen, inkludert rapportering og etterarbeid. I valåret utgjer dette arbeidet periodevis opp mot 50 % arbeid.

Ynskje om eigen reinhaldsavdeling

I løpet av endringsprosessen kommunen har gjennomført i 2018 og 2019, kom det sterke ynskje frå einingsleiarane om å etablere ei eigen avdeling for alle reinhaldarar i kommunen. I dag ligg reinhald organisert under den einskilde eining eller avdeling, og nærmeste leiar er ein fagperson med kompetanse innanfor eit heil anna fagområde enn reinhald.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som hadde som mandat å jobbe med spørsmålet om etablering av ei reinhaldsavdeling. Tillitsvalde og vernetenesta har vore involverte i arbeidet. Arbeidsgruppa si anbefaling er å sette i verk ei reinhaldsavdeling som omfattar alle reinhaldarar i kommunen.

Sidan august 2017 har kommunen hatt ein reinhaldsleiar tilsett ved kommunehuset, som har hatt ei 20 % administrativ ressurs i tillegg til reinhald av kommunehus og NAV-kontoret. Denne leiarressursen skulle i utgangspunktet dekke fagleg leiing av reinhaldarar ved skular og

barnehagar i sentrum, samt ved helsesenteret. Leiarressursen har blitt utnytta av store delar av organisasjonen, ettersom dette arbeidet har blitt kjent. Erfaringa med denne organiseringa er positiv, og vi tenkjer å bygge vidare over same lest.

Styrken ved å samle reinhaldarane er fleire. Det handlar om å skape eit arbeidsmiljø for kollegaer som arbeider innanfor same felt, ha ein felles leiar som kan fylge dei opp fagleg, dele oppdatert kunnskap, samkøyre innkjøp og forsøke å bruke ressursar på tvers så langt det er mogleg, for i nokon grad å kunne spare inn på vikarutgiftene. Reinhaldsavdelinga vil ha ein felles leiar med personalansvar og i stor grad økonomisk ansvar.

For å etablere ei reinhaldsavdeling krev det ei auke i reinhaldsleiarressurs frå 20 til 80 %. Dette får vi til ved å tilsette ein reinhaldar i 60 % stilling, som kan ta seg av reinhaldet ved kommunehuset og NAV-lokala. Tiltaket inneber ei kostnadsauke på omlag 243 060 kr. Det er ikkje finne rom for dette i rådmann sitt framlegg til budsjett.

Konsekvensen av dette er endring i ansvar knytt til dagens reinhaldsleiar, slik at dette blir på eit meir overordna fagleg nivå og ikkje involvering i personalmessige oppgåver. Einingsleiarane må få det fulle ansvaret for reinhaldarane tilbake.

Heiltidskultur

Seljord kommune melde seg av det KS-drivne prosjektet for heiltidskultur, *Nytt blick*, på nyåret i 2019. Vi såg at det ikkje var mogleg å få til godt arbeid med å etablere heiltidskultur samtidig med endringsarbeid og etablering av einingsleiarmodell i kommunen. Likevel har vi fått med oss verdi full kunnskap som vi kan bygge vidare på, slik at arbeidet som var lagt ned fram til vi melde oss av, ikkje er fånyttes.

Ansvar 125 – Nav kommune

Frå 01.01.2020 blir NAV Seljord ein del av NAV Vest-Telemark, med hovudkontor på Dalen i Tokke. Gerd Kari Skaalen blir leiar for dette NAV-kontoret. Gjeldsrådgjevar i 60 % stilling, vil vidare også vere tilsett i Seljord kommune, i ei stilling som er eit spleislag med resten Vest-Telemark kommunane. Gjeldsrådigvar vil få kontorplass i Seljord.

Kostnadane for denne stillinga er fordelt etter folketalet i kommunane.

I 2019 er posten for økonomisk sosialhjelp kr 2.592.000, men ser ut til å bli på om lag kr 3.000.000. For 2020-2023 er budsjettet sett til kr 2.553.000 kvart år.

Ansvar 130 – Kyrkjelege føremål

Budsjettet omfattar overføringer til tidligare Seljord kyrkjelege fellesråd, no Seljord sokn og til andre trudomssamfunn.

Ansvar 150 – Tilleggsløyvingar

Budsjettet inneheld ein lønsreservepost på kr 4.855.000 som skal finansiere lønsoppgjeret i budsjettåret (med verknadsdato 01.05.2020). Tilleggsløyvingar til disposisjon for formannskapet (kr 120.000) og for ordførar og rådmann (kr 30.000) er vidareført på lik linje

med tidlegare år. Det er ført opp ein tilleggsløyvingspost til integrering av flyktningar på kr 500.000.


Ansvar 199 – Avskrivingar

På dette ansvaret vert avskrivingane på anleggsmidla ført. Avskrivingane i økonomiplanperioden er stipulert til kr 12.325.000 kvart år. I kommunerekneskapen får ikkje avskrivingane nokon resultateffekt i driftsrekneskapen, men verdien av anleggsmidlane vert nedskrivne i balanserekneskapen (med kr 12.325.000 mill. kvart år).

Programområde 2 Skule og oppvekst

Innleiing

I barnehage- og skuleåret 2019/2020 har Seljord dei høgaste tala på barn og unge på lenge. Vi har fulle barnehagar og skular, og tar i bruk alle tilgjengelege areal. Dette er også første året med full bemannings- og pedagognorm i barnehage og skule. Vi går no inn i ein tid der vi møter store endringar knyta til tala på barn og elevar. Hausten 2020 vil nedgangen starte både i barnehage og skule. På sikt vil nedgangen ha størst betydning for skule, der nedgangen i elevtal vil vera dramatisk. Frå 376 elevar i dag til 241 elevar i 2040. Barn i barnehagealder vil gå litt ned de nærmeste åra, og deretter ligge relativt stabilt i lang tid. Frå 2019 til 2020 vil denne barnegruppa ha ein nedgang på om lag 8% (SSB, LLML).



I 2020 vil vi difor begynne å tilpassa kapasitet og bemanning i tråd med nedgangen som er omtala. Over ein periode på 10 år, må skulen redusera talet på pedagoggrupper frå 26 til 19.

I barnehage må vi redusera kapasitet og bemanning ned med om lag 18% i tida fram til 2023.

På veg inn i 2020, har vi ein del behov som har medført meirforbruk og ekstra innsats. Samstundes skal programområdet følgje opp fleire større politiske vedtak som 5-dagars skuleveke, omstillingss prosess og vidareføre og forankre den digitale satsinga. Vi har enno eit stort behov for ressursar til tilpassing og spesialpedagogiske støttetenester, i tillegg til oppfølging av framandspråklege elevar. Hausten 2020 startar fagfornyinga, med nye læreplanar i alle fag. Vi må følgje opp omstillinga og bruke tid på å setja oss inn i dei nye læreplanane. I tillegg trengs det nye læremidlar. Det må vi forsøke å sjå i samanheng med oppfølging av den digitale satsinga og innkjøp av digitale læremidlar.

Seljord kommune har ein vanskeleg økonomisk situasjon. Det er arbeidd for å finne moglege reduksjonar. Det økonomiske opplegget for skule og barnehage har ikkje rom for noko ekstra. Det meste av verksemda er sterkt regulert av krav og normer, og det er lagt til grunn at desse skal fylgjast. Det er redusert i ei rekke driftspostar og tiltak, og brukarbetalinga er auka for alle tenester. Det er ikkje tatt inn nokon auke eller investeringar i budsjettforslaget.

Samstundes vil det være naudsynt å peike på behov som er i programområdet. Skular og barnehagar melder om vedlikehaldsbehov, og behov for utbetrinigar. Flatdal skule driver på dispensasjon i forhold til forskrift om miljøretta helsevern, og må utbetrast slik at ein kan imøtekamma desse krava. Det er også naudsynt å følgje opp den digitale satsinga, både på utstyr, kompetanse og pedagogisk utviklingsarbeid. Barnehage har behov for iPadar og Smartboards, og vi har behov for å ferdigstille innføringa av nye administrative program i barnehage og skule. Vi må også ha på plass nytt LMS (Skooler), løysingar som kan følgje opp resultata til elevar og klassar (Insight/Engage) og digitalisering av eksamen.

Det er planlagt mottak av 10 nye flyktningar i kvart av dei nærmaste åra. Vi må følgje opp desse og dei minoritetsspråklege barn og elevane med særskilt norskundervisning og morsmålsopplæring. Dei fleste av dei minoritetsspråklege barna startar i barnehagen utan å kunne noko norsk. Barna krev meir av personalet for å venne seg til barnehagen og for å handtere barnehagedagen sin enn dei norske.

Budsjettforslaget rommar ulike tiltak for å komme så lågt ned som mogleg. Det føreslås å samlokalisere barnehageavdelinga i Åmotdal, og flytta barn og vaksne til avdelinga i Flatdal frå august 2020. Vidare blir det føreslått å samlokalisere alle born i Seljord barnehage frå hausten 2022, når barnetala har sykne så mykje at Seljord barnehage kan huse alle utan å byggje på eller byggje nye bygg. Tiltaket vil gje ein reduksjon i drifta, samstundes som det opprettheld det faglege nivået. Det er vurdera at det ikkje er økonomisk lønsamt å leggja ned skulen i Flatdal innanfor komande økonomiplanperiode. I 2026 er prognosane for barnetala slik at Seljord barne- og ungdomskule kan huse alle born i skulealder. Rådmannen foreslår å starte ein planlagt overføring frå Flatdal til Seljord i slutten av økonomiplanperioden 2020-2023.

Som konsekvens av endringar i talet på barn og elevar, vil det leggjast opp til ein reduksjon i bemanning frå hausten 2020 både i skule, barnehage og kulturskule – til saman 6,2 årsverk, og i økonomiplanperioden omlag 10 årsverk.

Kostnadsreduserande tiltak og endringar i PO2 som er tatt inn i rådmannens budsjettforslag:

Kapittel : Skule og oppvekst						
Tiltak	1: Avvikle ekstra logoped.					
Beskrivelse	Bruke egne krefter til arbeid med TT i skoler/barnehager. Sagt opp avtale med AS.					
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sum utgifter	-87 500	0	0	0	-87 500	
Sum inntekter	17 500	0	0	0	17 500	
Sum netto	-70 000	0	0	0	-70 000	
SUM NETTO TILTAK	-70 000	0	0	0	-70 000	

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Tiltak	2: Avvikle Flatdal bhg frå og med 2022				
Beskrivelse	Legge ned Flatdal Bhg i august 2022, alle barn i barnehagealder flyttast til Seljord bhg som no har plass til alle.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	0	0	-565 892	-1 208 297	-1 774 189
Sum inntekter	0	0	96 743	398 703	495 446
Sum netto	0	0	-469 149	-809 594	-1 278 743
SUM NETTO TILTAK	0	0	-469 149	-809 594	-1 278 743

Tiltak	3: Avvikle samarbeid - Seljord økologiske hage				
Beskrivelse	Avtale om samarbeid og uttak av opplegg for barnehage, SFO og skule.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Seljord Barneskule (210)				
Sum utgifter	-16 591	-16 591	-16 591	-16 591	-66 364
Sum inntekter	3 318	3 318	3 318	3 318	13 272
Sum netto	-13 273	-13 273	-13 273	-13 273	-53 092
Sted	Ansvar: Seljord ungdomsskule (211)				
Sum utgifter	-15 315	-15 315	-15 315	-15 315	-61 260
Sum inntekter	3 063	3 063	3 063	3 063	12 252
Sum netto	-12 252	-12 252	-12 252	-12 252	-49 008
Sted	Ansvar: Heddeli barnehage (220)				
Sum utgifter	-16 591	-16 591	-16 591	-16 591	-66 364
Sum inntekter	3 318	3 318	3 318	3 318	13 272
Sum netto	-13 273	-13 273	-13 273	-13 273	-53 092
Sted	Ansvar: Tussejuv barnehage (221)				
Sum utgifter	-15 315	-15 315	-15 315	-15 315	-61 260
Sum inntekter	3 063	3 063	3 063	3 063	12 252
Sum netto	-12 252	-12 252	-12 252	-12 252	-49 008
SUM NETTO TILTAK	-51 050	-51 050	-51 050	-51 050	-204 200

Tiltak	4: Reduksjon vikarløn ferie				
Beskrivelse	Forventa mindre kostnader for vikarløn ferieavvikling.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-52 447	-52 447	-52 447	-52 447	-209 788
Sum inntekter	0	0	0	0	0

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Sum netto	-52 447	-52 447	-52 447	-52 447	-209 788
SUM NETTO TILTAK	-52 447	-52 447	-52 447	-52 447	-209 788

Tiltak	5: Reduksjon ansvar 200				
Beskrivelse	Reduksjon, leige av driftsmidler				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-112 500	-112 500	-112 500	-112 500	-450 000
Sum inntekter	22 500	22 500	22 500	22 500	90 000
Sum netto	-90 000	-90 000	-90 000	-90 000	-360 000
SUM NETTO TILTAK	-90 000	-90 000	-90 000	-90 000	-360 000
Tiltak	6: Reduksjon ansvar 205				
Beskrivelse	Reduksjon/fjerning av budsjettpostar: - inventar, anna inventar, ikt-utstyr, konsulenthjelp, vikarløn til bustad EMF 2020.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-101 094	-101 094	-12 500	-12 500	-227 188
Sum inntekter	18 908	18 908	2 500	2 500	42 816
Sum netto	-82 186	-82 186	-10 000	-10 000	-184 372
SUM NETTO TILTAK	-82 186	-82 186	-10 000	-10 000	-184 372

Tiltak	7: Flytte Vaksenopplæringa/Flyktningetenesta inn i NAV-bygget				
Beskrivelse	Si opp avtalen med næringsbygget. Overta NAV-bygget, vil gje reduksjon i leiekostnad.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-196 250	-353 560	-353 560	-353 560	-1 256 930
Sum inntekter	39 250	70 712	70 712	70 712	251 386
Sum netto	-157 000	-282 848	-282 848	-282 848	-1 005 544
SUM NETTO TILTAK	-157 000	-282 848	-282 848	-282 848	-1 005 544

Tiltak	8: Reduksjon av drift, kulturskulen				
Beskrivelse	Nivå på drift av kulturskulen. Tiltaket syner reduksjon på 1,3 -1,5 årsverk fra 2021				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-664 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-3 664 000
Sum inntekter	95 700	95 700	95 700	95 700	382 800
Sum netto	-568 300	-904 300	-904 300	-904 300	-3 282 800
SUM NETTO TILTAK	-568 300	-904 300	-904 300	-904 300	-3 282 800

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Tiltak	9: Salg av kompetanse sentralt til nabokommunar (logoped)					
Beskrivelse	Redusera eige tenesteomfang på logopedtenestar, salg til nabokommunar i 30-40% stilling frå 1/8 2020					
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sum utgifter	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000	
Sum netto	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000	
SUM NETTO TILTAK	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000	

Tiltak	10: Samlokalisering av Flatdal og Åmotsdal barnehager					
Beskrivelse	Reduksjon av bemanning og driftsutgifter som følge av sammenslåing. Premiss: Stillingar i konsekvensjustert budsjett 2020 (10100 og 10300): Flatdal 7,0 og Åmotsdal 3,35. Personalbehov 2020/2021 ved samlokalisering: 8,15. Reduksjon pr. 01.08.2020: 7,0 + 3,35 = 10,35 - 8,15 = 2,2 årsverk (snittløn 10100/10300 pr. årsverk: kr 467.576). Fom. 01.08.2020 er alle kontoane på ansvar 223 Åmotsdal barnehage nulla ut, og frå same dato er ansvar 222 Flatdal barnehage styrka med 1,15 årsverk. Postane for variabel løn er styrka med 16,43 %, tilsvarande høgdinga med 1,15 årsverk. Driftspostane som vart nulla ut på 223 er ikkje tilsvarande lagt på toppen på tilsvarande postar på 222, då barnetalet er om lag det same frå 01.08.2020 som i opphavleg budsjett 2020 for 222 (jf. underliggende konsekvensjustert budsjett). Men: Konto 11207 (diverseposten) er høgda med kr 50.000 (fom. 2021) og kr 20.833 i 2020, og posten for husleige (inkl. forsikring) på kr 130.000 pr. år er vidareført i heile perioden.					
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sted	Ansvar: Flatdal barnehage (222)					
Sum utgifter	430 012	954 418	954 418	954 418	3 293 266	
Sum inntekter	-22 462	-53 052	-53 052	-53 052	-181 618	
Sum netto	407 550	901 366	901 366	901 366	3 111 648	
Sted	Ansvar: Åmotsdal barnehage (223)					
Sum utgifter	-1 354 984	-2 982 731	-2 982 731	-2 982 731	-10 303 177	
Sum inntekter	191 902	432 597	432 597	432 597	1 489 693	
Sum netto	-1 163 082	-2 550 134	-2 550 134	-2 550 134	-8 813 484	
SUM NETTO TILTAK	-755 532	-1 648 768	-1 648 768	-1 648 768	-5 701 836	

Tiltak	11: Stillingsreduksjon i barnehagane					
--------	--------------------------------------	--	--	--	--	--

Beskrivelse	Åmotsdal og Flatdal barnehagar kan ta totalt 62 %. Sentrum må behalde sine stillingar, må justere bemanning etter hovudopptak av barn i mars. Dersom vi skal kutte i sentrum kan vi ikkje ta imot nye flyktningar som er varsle skal kome i november/desember.					
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sum utgifter	-280 589	-388 104	-388 104	-388 104	-1 444 901	
Sum inntekter	0	0	0	0	0	
Sum netto	-280 589	-388 104	-388 104	-388 104	-1 444 901	
SUM NETTO TILTAK	-280 589	-388 104	-388 104	-388 104	-1 444 901	

Ansvar 200 - Undervisningskontoret

Ansvarsområdet inneholder utgifter og inntekter administrert av undervisningskontoret, inkludert enkelte fellesutgifter til dømes kurs og opplæring. Driftsnivået er vidareført som i 2019. Kontoret løner pedagogisk konsulent, spesialpedagog og logoped. Spesialpedagog og logopeden blir bruka i skule og barnehage for å oppfylle vedtak etter sakkunnig vurdering. I 2019 har vi leigd inn ekstra logoped som vikar i ein permisjonsperiode.

Ansvar 205 - Avdeling for integrering og vaksenopplæring

Avdelinga har ansvar for einslege mindreårige, vaksenopplæringa og flyktningstenesta.

Ny organisering av tenestene i 2018 var naudsynt grunna stor auke av busetting av flyktningar 2016 til 2018. Ein legg til grunn at nivået på busetting vil vere 10 nye flyktningar årleg i økonomiplanperioden.

Busetting av flyktningar har vore viktig for å oppretthalde folketalet i Seljord. I perioden 2016 til 2018 busette kommunen 48 flyktningar. Auka busetting kom parallelt med at talet på nysfødde seljordingar var lågare enn tidlegare år. Nye framandspråklege barn til bygda kompenserte for denne nedgangen.

I 2017 og 2018 blei det etablert samarbeid med Kviteseid kommune om Vaksenopplæring for deltagarar i Introduksjonsprogram. I og med at Kviteseid ikkje lengre buset flyktningar, så blir samarbeidet avvikla etterkvart som deltagarane er ferdige i programmet. I løpet av 2020 vil det ikkje lengre vere deltagarar frå Kviteseid.

Seljord har så langt i 2019 bussset fire kongolesiske flyktningar og det er lagt til grunn at vi skal busette ein familie til i løpet av året.

I kommunestyremøtet juni 2018 fatta ein vedtak om bersetting av inntil 10 flyktningar kvart år dei neste fire åra. Seljord er ein av svært få kommunar med færre enn 5 000 innbyggjararar som får halde fram som bersettingskommune. Dette har vi tolka som at Imdi meiner kommunen har lykkast med integreringsarbeidet. Kva som skjer i økonomiplanperioden er likevel usikkert. Forslag til ny statsborgerlov/introduksjonslov stiller krav til tenester det er vanskeleg å levere for små kommunar. Behovet for bersetting er for og på eit svært lågt

nasjonalt nivå og det ser ut til å vere politisk fleirtal for å avgrense mottak og busetting av flyktingar. Imdi, integrerings- og mangfoldsdirektoratet, er under omorganisering. Frå 2021 vil det vere den nye regionen, Vestfold og Telemark, som tilrår busetting i kommunane. Det er difor vanskeleg å vite sikkert korleis framtida til tenestene vil bli i siste del av økonomiplanperioden.

Seljord barne- og ungdomsskule

Ansvar 210 og 211 – Seljord barne- og ungdomsskule

Skulen har i dag 289 elevar, fordelt på 166 på barnesteg og 123 på ungdomssteg. Elevtalet for skuleåret 2020/2021 vil synke. Det vil ikkje vere behov for ekstra bemanning for å innfri lærarnormen.

Det vil fortsatt vere eit stort behov for særskilt norskopplæring for dei minoritetsspråklege elevane. Det er også varsla at kommunen skal ta imot fleire flyktingar. Ein må også ta høgde for at desse elevane har rett på morsmålsopplæring.

Nye administrative system, digitalisering av eksamen og pedagogisk utviklingsarbeid i den digitale satsinga krev ressursar. Ressursar som er satt av til IKT går i all hovudsak til å løyse praktiske utforringar. Skulen får ikkje utnytta pedagogane i skuleutviklingsarbeid for å svare på den digitale tiltaksplanen.

Skulen vil få ein meirutgift på innkjøp av diverse lisensar på digitale læremidlar som dyslektilkarar har krav på. Det bør også settas av pengar til kursing av tilsette for eksempel leige inn forelesar frå dysleksivennleg skule slik at alle tilsette får ei grunnkompetanse i å avdekke og sette inn tiltak for elevar med dysleksi.

Fagfornyinga i skulen vil ta mykje tid og ressursar å implementere. Lærebøker og digitale ressursar må kjøpast inn. Oppgraderinga bør skje over ein 3 årspериode, men det må bli satt av midlar slik at skulen kan gjere dei investeringane som er naudsynt. Programmering kjem på timeplanen.

Seljord ungdomsskule endra foreldrebetalinga på kantinemat frå 1250 kr til 1425 kr hausten 2019 som eit tiltak for å realisere prinsippet om sjølvkost og sunne måltider i kantina og servere måltid etter helsedirektoratets retningslinjer for matservering i skulen.

SFO-tilsette og andre assistenter har behov for opplæring i kapittel 9a i Opplæringslova. Det er difor behov for å tilføre midlar til kursing av assistenter.

Skulepakka blei ikkje realisert. Det er ennå behov for oppgradering av skulane. Blant anna er det behov for nytt avsug i sløydsalen, innkjøp av hyllar, benker osb. i garderobane på barnetrinnet for å kompansere for liten plass til yttertøy og skiftetøy.

Seljord barnehage

Ansvar 220 – avdeling Heddeli

Seljord barnehage avdeling Heddeli har 43 barn. Sidan hausten 2017 er det innarbeidd 5% ressurs i alle barnehagane til rettleiing av nytilsette og nyutdanna. Det er krav til slik rettleiing i barnehage. Prognosene for fødselstal viser ein svak og jamn nedgang i talet på fødde i Seljord i tida framover. Barnehagen har behov for å renovere to bad som no er 35 år gamle. Det er også behov for auka plass til vogner og lager, treng byggje eit lager kombinera med vognplass.

Ansvar 221 – avdeling Tussejuv

Seljord barnehage avdeling Tussejuv har 30 barn. Sidan hausten 2017 er det innarbeidd 5% ressurs til alle barnehagane til rettleiing av nytilsette og nyutdanna. Det er krav til slik rettleiing i barnehage. Prognosene for fødselstal viser ein svak og jamn nedgang i talet på fødde i Seljord i tida framover. Barnehagen har behov for å montere kjøling på ventilasjonsanlegget. Det blir veldig varmt inne vår og sommar.

Flatdal oppvekstsenter

Ansvar 212 – Flatdal skule

Flatdal skule har i dag 70 elevar. Nivået vil ligge jamt i økonomiplanperioden. Det har vore og kjem truleg fleir gevinstar av den digitale satsinga.

Ein må påberekne noko kostnad i forbindelse med opplæring og implementering. Vi treng verktøy (og handlingsplan) for Dyslektikere og/eller andre grupper, investering av eks Lingdys. Lærarnormen seier Flatdal skule i dag skal ha 6 lærarar på 7.trinn. Det er eit ynskje om å dele alle trinn neste skuleår pga faglege forhold.

Tilrettelegging for rullestolbrukarar må på plass, det er per dags dato ein elev som ikkje når alle undervisningsrom ved skulen, dette hindrar det pedagogiske arbeidet.

Ansvar 222 – Flatdal barnehage

Flatdal barnehage har 24 barn. Det er innarbeidd 5 % ressurs i alle barnehagane til rettleiing av nytilsette og nyutdanna. Det er krav til slik rettleiing for nytilsette i skule og barnehage. Prognosene for fødselstal viser ein svak og jamn nedgang i talet på fødde i tida framover.

Ansvar 223 – Åmotsdal barnehage

Åmotsdal barnehage har 7 barn. For 2020 føreslås det ein nedlegging av avdelinga, og ein overflytting av barn og vaksne til avdelinga i Flatdal frå hausten 2020.

Til hausten vil to av barna starte på skulen, ein ser for seg at avdelinga då ville hatt 5 barn. I dei siste 5 år har talet på barn i barnehagen/avdelinga hatt ein nedgang frå 17 barn i 2014 til 7 barn i 2019. Nedgangen har skyldast at foreldre ikkje har søkt/takka ja til ledig plass i barnehagen/avdelinga.

Samlokalisering med Flatdal barnehage vil føre til ein meir rasjonell utnytting av samla ressursar. Slik avdelinga i Åmotsdal er rigga no, er det svært kostbare barnehageplassar pga pedagog og bemanningsnorm. Avdelinga i Flatdal vil kunne romme alle barna frå Åmotsdal, og få en samansetning av personalet som kan føre til føre til reduksjon av om lag 2.2 årsverk.

Ved samlokalisering av Åmotsdal og Flatdal barnehage vil ein kunne gje barna eit pedagogisk tilbod med fleire barn på same alder. Alle barna får ein nærhet til skulen dei skal starte på. Dei aller minste barna (1 åringane) vert ivaretaken i sentrumsbarnehagane som er tilrettelagt for små barn.

Ansvar 230 – Kulturskulen

Kulturskulen har 115 elevar fordelt på tilbod om enkelttimar, gruppeundervisning og vaksne i grupper. Skulen leverer også timar til Barneskulen og ungdomsskulen innanfor grunnskulens musikkundervisning. I tillegg sel skulen timar til andre kommunar, lag og organisasjonar. Aktiviteten blir foreslått redusert kraftig. Satsane til kulturskulen blir foreslått auka frå 2020 med om lag 5%.



Programområde 3 Helse og omsorg

Innleiing og sentrale føringar for 2020:

Regjeringa har fleire sentrale mål for helse- og omsorgstenestene i 2020. Regjeringa ønskjer:

- Å fremme kommunananes evne til omstilling og kvalitetsforbetring i den kommunale helse- og omsorgstenesta gjennom eldrereforma «Leve heile livet».
- Å prioritere psykisk helse- og rusfeltet, med satsing på tidlig innsats, betre handsaming og førebygging.
- Å auke tilgang og kapasitet, samt strykre kvaliteten i helse- og omsorgstenestene.
- Ei folkehelse som fremmar gode liv og helse gjennom livsløpet.

Ut frå dei sentrale måla har regjeringa styrka rammeoverføringane til kommunane på fleire områder. Fleire tilskot er endra til rammeoverføringer samstundes er det etablert nye tilskotsordningar. Det er viktig at kommunane søker på tilskot for å ha middel til å utvikle tenestene til å vere budd på framtidas utfordringar.

- I samband med kvalitetsreforma for eldre «Leve hele livet» har regjeringa satt av middel til eit nytt tilskot som kommunane kan søke på for å skape betre tenester for eldre. Kommunane som følger opp reforma lokalt vil bli prioritert innafor eksisterande og nye tilskotsordningar frå 2021.
- Satsinga «Leve heile livet» er også ei reform for matglede og det er difor er det sett av middel til ei ny tilskotsordning knytt til renovering/etablering av kjøkken ved sjukeheimar.
- Regjeringa legg til rette for å auke talet på plassar med heildøgns omsorg i kommunane. Det er eit ønske om 2000 fleire plassar i 2020. Kommunane kan søke om tilskot til å bygge og rehabilitera plassar. Tilskotet dekker 50 % av utgiftene kommunen sine utgifter. Når momskompensasjonsordninga vert rekna med, dekker staten opp mot 70 % av investeringskostnadene for heildøgns omsorgsplasser.
- Frå 2020 er det lovpålagt å ha eit dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens/kognitiv svikt, og tilskotsordninga vert endra til rammeoverføring. For Seljord sin del vert ramma styrka med 269.000 kroner i 2020.
- Regjeringas auka satsing på rehabilitering og habilitering fortsett i 2020, men tilskotet vert endra til rammeoverføring. Seljord får 64.000 kroner til dette i 2020.
- Frå 2020 skal alle kommunar ha tilgang til psykologkompetanse i kommunen. Tilskotet vert gjort om til rammeoverføring, noko som gjev ei auke på 157.000 kroner for Seljord i 2020.
- Regjeringa ønsker at kommunane skal ha fokus på demens og pårørandesatsing, samt palliasjon, alvorleg sjuke og døande.
- BPA (Brukarstyrt personleg assistent) er eit satsingsområde og regjeringa ønsker å fjerne øvre aldersgrense på 67 år.

Kostnadsreduserande tiltak og endringar i PO3 som er tatt inn i rådmannens budsjettforslag:

Tiltak	1: Reduksjon årsverk, Psykisk helse og rus 1				
Beskrivelse	I samband med budsjett 2020 vert det eit forslag om å redusere 1 årsverk i tenesta: psykisk helse og rus. Det vert ei innsparing i løn på 4 mnd. i 2020, med heilårseffekt frå 2021.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Habilitering og rehabilitering (332)				
Sum utgifter	-223 164	-669 494	-669 494	-669 494	-2 231 646
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-223 164	-669 494	-669 494	-669 494	-2 231 646
SUM NETTO TILTAK	-223 164	-669 494	-669 494	-669 494	-2 231 646

Kapittel : Helse og omsorg					
Tiltak	2: Avvikle jordmorberedskap.				
Beskrivelse	Det er eit krav at kommunar som har meir enn 1,5 time til fødeavdeling ved sjukehus skal ha følgeteneste av jordmor. Det er i dag under 1,5 time frå Seljord sentrum og frå Flatdal sentrum til Sykehuset Telemark, avd. Skien. Det er difor mogleg å avvikle jordmorberedskapen. Beredskapen er eit samarbeid mellom kommunane i VT og det er 1 års oppsiing på avtala. Det er difor ikkje mogleg å iverksette tiltaket før i 2021. Kommunen må tilsette eigen jordmor i ei 40 % stilling, noko som tilsvrar den kommunale delen av stillinga vi har i dag.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Helsestasjon og skulehelseteneste (312)				
Sum utgifter	0	-420 448	-420 448	-420 448	-1 261 344
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	0	-420 448	-420 448	-420 448	-1 261 344
SUM NETTO TILTAK	0	-420 448	-420 448	-420 448	-1 261 344

Tiltak	3: Tilsette Ergoterapeut.
--------	---------------------------

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Beskrivelse	Frå 2020 er det lovpålagt å ha tilgang til kompetanse innan ergoterapi i kommunen. I samband med budsjett 2020 er det forlag om å tilsette ergoterapeut i 50 % stilling. Det er eit ønske å få til eit samarbeid om stillinga med nabokommunen, slik at utlyst stilling kan bli auka ved eit interkommunalt samarbeid.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Fysioterapitenester (311)				
Sum utgifter	27 653	331 825	331 825	331 825	1 023 128
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	27 653	331 825	331 825	331 825	1 023 128
SUM NETTO TILTAK	27 653	331 825	331 825	331 825	1 023 128

Tiltak	4: Reduksjon årsverk, Legetenester				
Beskrivelse	Kommunen får driftstilskot til prosjektet Primærhelseteam, noko som har ført til at tenesta har tilsatt ekstrapersonell. I prosjektet skal det vere ressurs til både lege, sjukepleiar og helsesekretær. I samband med budsjett 2020 er det forslag om å redusere 0,4 årsverk som helsesekretær.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Legetenester (310)				
Sum utgifter	-194 955	-194 955	-194 955	-194 955	-779 820
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-194 955	-194 955	-194 955	-194 955	-779 820
SUM NETTO TILTAK	-194 955	-194 955	-194 955	-194 955	-779 820

Tiltak	5: Reduksjon årsverk - Psykisk helse og rus 2.				
Beskrivelse	I samband med budsjett 2020 er det eit forslag om å redusere 0,2 årsverk i tenesta Psykisk helse og rus. Tiltaket vil gje ei heilarseffekt frå 2020.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Habilitering og rehabilitering (332)				
Sum utgifter	-134 853	-134 853	-134 853	-134 853	-539 412
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-134 853	-134 853	-134 853	-134 853	-539 412
SUM NETTO TILTAK	-134 853	-134 853	-134 853	-134 853	-539 412

Tiltak	6: Driftstiltak - Innsparing PO3				
--------	---	--	--	--	--

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Beskrivelse	Sparetiltak diverse - Heile PO3. Dette er eit tiltak for å redusere driftsramma for heile PO3. Det er tatt litt på kvart av dei ansvara der kommunen kan redusere drifta. Det er særleg sjukeheimen og heimetenester som har fått kutt i sine driftsbudsjett. Det vil seie at det vert naudsynt å drive nøy somt i økonomiplanperioden. Det kan bli vanskeleg å halde budsjett om det oppstår noko uforutsett. Det vert særleg vanskeleg å halde budsjett om vert stor trøng for sjuheiemsplassar slik at kommunen å leige mykje plassar i løpet av 2020.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Legetenester (310)				
Sum utgifter	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-40 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-40 000
Sted	Ansvar: Fysioterapitenester (311)				
Sum utgifter	-5 147	-5 147	-5 147	-5 147	-20 588
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-5 147	-5 147	-5 147	-5 147	-20 588
Sted	Ansvar: Helsestasjon og skulehelseteneste (312)				
Sum utgifter	-23 500	-23 500	-23 500	-23 500	-94 000
Sum inntekter	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Sum netto	-21 000	-21 000	-21 000	-21 000	-84 000
Sted	Ansvar: Legevakt (315)				
Sum utgifter	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-40 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-40 000
Sted	Ansvar: Tenestekontor (330)				
Sum utgifter	-25 580	-25 580	-25 580	-25 580	-102 320
Sum inntekter	250	250	250	250	1 000
Sum netto	-25 330	-25 330	-25 330	-25 330	-101 320
Sted	Ansvar: Heimetenester (331)				
Sum utgifter	-103 281	-103 281	-103 281	-103 281	-413 124
Sum inntekter	12 111	12 111	12 111	12 111	48 444
Sum netto	-91 170	-91 170	-91 170	-91 170	-364 680
Sted	Ansvar: Habilitering og rehabilitering (332)				
Sum utgifter	-20 545	-20 545	-20 545	-20 545	-82 180
Sum inntekter	600	600	600	600	2 400
Sum netto	-19 945	-19 945	-19 945	-19 945	-79 780
Sted	Ansvar: Sjukeheim (333)				
Sum utgifter	-249 999	-237 499	-237 499	-237 499	-962 496

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Sum inntekter	46 400	43 900	43 900	43 900	178 100
Sum netto	-203 599	-193 599	-193 599	-193 599	-784 396
Sted	Ansvar: Nestunet (334)				
Sum utgifter	-55 896	-68 396	-68 396	-55 896	-248 584
Sum inntekter	8 856	11 356	11 356	8 856	40 424
Sum netto	-47 040	-57 040	-57 040	-47 040	-208 160
Sted	Ansvar: Steinmoen bu- og servicesenter (335)				
Sum utgifter	-4 013	-4 013	-4 013	-4 013	-16 052
Sum inntekter	803	803	803	803	3 212
Sum netto	-3 210	-3 210	-3 210	-3 210	-12 840
Sted	Ansvar: Teneste for funksjonshemma (337)				
Sum utgifter	-21 500	-21 500	-21 500	-21 500	-86 000
Sum inntekter	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Sum netto	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000	-80 000
SUM NETTO TILTAK	-456 441	-456 441	-456 441	-446 441	-1 815 764

Tiltak	7: Fjerne tilskot til folkehelsetiltak					
Beskrivelse	Kommunen har i mange år hatt eit tilskot til folkehelsetiltak i kommunen. I budsjett 2020 er det forslag om å fjerne heile tilskotet, noko som gjev ei innsparing på 150.000 kr. Det vil vere effekt av tiltaket frå 2020.					
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sted	Ansvar: Teneste for funksjonshemma (337)					
Sum utgifter	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000	
Sum inntekter	0	0	0	0	0	
Sum netto	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000	
SUM NETTO TILTAK	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000	

Ansvar 300 – Kommunalsjef – helse og omsorg

Under ansvar 300 er det lagt inn fellestenester som gjeld for heile helse- og omsorg. For 2020 er det berre lagt inn 24.000 kr til Helsenett.

Ansvar 305 – Samhandlingskoordinator

Samhandlingskoordinatoren er felles for heile Vest-Telemark og vert finansiert som eit spleiselas mellom STHF og kommunane i Vest-Telemark. Frå 2018 har Seljord kommune overtatt arbeidsgjevaransvaret.

Ansvar 307 – Psykolog

Faste årsverk 2019	Faste årsverk 2020
0	2
Det er lagt inn innsparingstiltak på å ikkje tilsette psykolog nr. 2	

Psykologane er felles for fem kommunar i Vest-Telemark og vert finansiert som eit spleiselas. Éin psykolog er tilsett og startar opp 1. november 2019. Seljord kommune er vertskommune for psykologane for Seljord, Kviteeid, Nissedal, Tokke og Fyresdal. Kommunane har fått tilskot frå Fylkesmannen til å dekke noko av lønsutgiftene i 2020. Med to psykologar vert det auke i utgifter for Seljord kommune på 616.000 kr, men på grunn av tilskot frå Fylkesmannen vert kostnaden redusert til ca. 414.000 i 2020.

Ansvar 310 – Legetenester

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
9,71	9,81

Legetenester omfattar drift av legeteneste og støttefunksjonar. Kommunen har totalt 4,8 legeårsverk, men på grunn av permisjonar er det faktiske talet 4,3 stillingar i delar av 2020. Frå 1. juli gjeng kommuneoverlegen sin permisjon ut og faktiske årsverk vert då 4,6. I tillegg har kommunen 2 årsverk for LIS 1 legar (tidlegare turnuslege). Dei andre faste årsverka er einingsleiar i 0,45 årsverk, sjukepleiarar i 2,1128 årsverk og helsesekretærar i 0,8 årsverk. I tillegg kjem årsverk som er knytt til prosjektet Primærhelseteam (PHT) på 1,7113 årsverk fordelt på einingsleiar (0,1), sjukepleiar (0,6113) og helsesekretær (1,0). Det vert lagt inn eit innsparingstiltak slik at midlertidige årsverk i Primærhelseteam vert redusert til 1,31 frå 2020. Prosjektet primærhelseteam starta opp i april 2018 og var i utgangspunktet ment å vare til 2021. Kommunen har søkt om å vere med i det utvida prosjektet som skal vare til 2023, där fortsatt med driftstilskotmodellen. Kommunen får både månadlege driftstilskot og eit årleg prosjekttilskot. Driftstilskotmodellen baserar seg på talet på innbyggjarar på legane sine lister, eigenskaper ved innbyggjarane, eit kvalitetsbasert tilskot, og eigenandelar frå pasientar. I tillegg vert det lagt inn driftsmiddel til sjukepleiarar. Frå mars 2019 vart også LIS 1 legane inkludert i ordninga.

Tilskot:	Sum:
Driftstilskot til Primærhelseteam 2020	ca. 5.326.188 kr
Prosjektttilskot Primærhelseteam 2020	ca. 765.000 kr
Meirinntekt frå Primærhelseteam 2020	ca. 1.800.000 kr

Prosjektttilskotet er øyremerkt drift av prosjektet. Frå 2020 vert 0,2 årsverk av kommuneoverlegen si stilling (290.233 kr) og einingsleiar sin stilling (165.658 kr) dekt av middel frå prosjektttilskotet. I tillegg vert 5 % av kvar av dei 4 andre legane sine stillingar (samla verdi 229.368 kr) dekt av prosjektttilskot.

Meirinntekta i PHT i budsjett 2020 vert ikkje like stor som i 2019, då det har vore krav frå direktoratet om at kommunen må legge fleire ressursar i prosjektet. Det er rekna ut at PHT gjev kommunen ei meirinntekt på ca. 1.800.000 kr i 2020.

I budsjett er det lagt inn auke knytt til eigenandelar på ca. 200.000 kr. I tillegg er det lagt inn ei auke i eigenandel for materialbruk på ca. 150.000 kr. Det er berekna auke på grunn av fleire konsultasjonar og auka fokus på eigenandelar.

Ansvar 311 – Fysioterapiteneste

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
2	2,05*

* Auke som følge av fordeling av ressurs som einingsleiar.

Kommunefysioterapeutane arbeider på fleire felt, både når det gjeld barn, unge og eldre som treng trening, rehabilitering, råd og rettleiing. Kommunefysioterapeuten er viktig når det gjeld tildeling av hjelpemiddel, og har i viktige formidlings- og rettleiingsoppgåver.

Kommunen har ikkje gjort endringar når det gjeld årsverk i fysioterapitenesta for 2020. Kommunen har 2 eigne årsverk og ei driftsavtale med privatpraktiserande fysioterapeut. Frå 2019 har kommunen tilsett ein ferdig utdanna fysioterapeut framfor å vidareføre ordninga med turnuskandidat. Dette er eit tiltak for å auke kapasiteten i tenesta utan å auke talet på tilsette, då det tidvis gjeng mykje tid til rettleiinga av turnuskandidatar. Den frigjorte tida er nytta til å etablere Frisklivsentral. I 2019 fikk kommunen tilskot frå Fylkesmannen på 160.000 kr til dette tiltaket. Noko av midla vert overført til 2020 til ferdigstillinga av prosjektet.

Kommunen mottar fastlönstilskot for dei kommunale fysioterapeutane på 418.400 kr i 2020 . Privatpraktiserande fysioterapeut mottar årleg driftstilskot frå kommunen. Driftstilskotets storleik vert fastsett sentralt med mindre årlege justeringar.

Frå 2020 er det krav om å ha tilgang på kompetanse innan ergoterapi i kommunane. Det ligg difor inne eit tiltak om å tilsette ergoterapeut i 50 % stilling.

Ansvar 312 – Helsestasjon

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
2	2,05*

* Auke som følge av fordeling av ressurs som einingsleiar.

I 2019 fikk kommunen 610.000 kroner til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det vart oppretta ei prosjektstilling på 0,8 årsverk i eit år. Nokre av tilskotsmidla vert overført til 2020 til vidareføring av prosjektet. Prosjektet varar til medio august 2020, men det er eit ønske om å vidareføre tiltaket og forlenge prosjektet.

I 2018 vart jordmortenesta lagt til Vinje kommune i eit interkommunalt samarbeid. Seljord får jordmortenester frå den interkommunale tenesta, og tenesta dekker både kommunale oppgåver og jordmorberedskapen.

I budsjett 2020 er det foreslått å avvikle ordninga med jordmorberedskap for Seljord kommune. I Helsedirektoratet sin rettleiar IS-1877 *Et trygt fødetilbud. Kvalitetskrav til fødselsomorgen* står det at det er anbefalt følgeteneste av jordmor eller lege med tilstrekkelig kompetanse innan fødselshjelp der det er 1,5 times reiseveg til fødestaden. Seljord ligg i hovudsak innafor denne grensa.

Ansvar 313 - Drift helsecenter

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
0,7	0,7

Budsjettet omfattar reinhald og andre driftskostnader knytt til helsecenteret (straum, eigedomsavgifter), og er i hovudsak ei vidareføring av budsjettet frå tidlegare år.

Ansvar 315 – Legevakt

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
2,33	2,23*

*Reduksjon i årsverk fordi einingsleiarressurs er fordelt på anna måte

Seljord og Kviteseid har felles legevakt på ettermiddag og kveld fram til kl. 23.00, samt helg. Frå oktober 2019 er det gjort avtale med Notodden interkommunale legevakt om at legevakt på natt skal vere på Notodden. Det vert ein auke i utgifter til legevakt på natt i 2020, og det vert ei reduksjons i lønskostnadene for eigne legane. Auke i betaling til Notodden og reduksjon i løn til eigne legar vert omrent same sum. I tillegg vert belastninga for eigne legar redusert. Under ansvar 311 er det tilsett sjukepleiarar i 2,2344 årsverk, inkludert leiing på 0,3 årsverk. I tillegg ligg det inne løn til legane som tek legevakt på timesbasis.

I saka om innsparinger har det vore drøfta om det er mogleg å flytte legevakta til Notodden ved å kjøpe tenester frå Notodden interkommunale legevakt. Tiltaket står ikkje på lista til rådmannen om sparetiltak, då konsekvensane for innbyggjarane vert store.

Om det ikkje er legevakt i Seljord, får innbyggjarane omlag éin time i reiseveg til legevakt, noko som er ekstra belastande for eldre og små born.

I tillegg vert den medisinske faglege støtta til helsetenestene i kommunen, som heimesjukepleia og sjukeheimen redusert, noko som vil påverke kvaliteten i negativ retning. Utan legevakt vert det i større grad naudsynt å frakte pasientar frå Seljord til legevakta eller sjukehuset, og dette gjev ekstra belastningar for bebruarane.

Kommunens er i tillegg lovpålagt å ha eit tilbod om augeblikkelig hjelp-seng (ØH-seng), noko som igjen sett krav til tilgangen til medisinsk fagleg kompetanse heile døgnet. I følge Helsedirektoratets rettleiar; *04/2016 Kommunens plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold. Veileddningsmateriell*, må kommunen sørge for tilstrekkelig tilgang til medisinskfagleg kompetanse knytt til ØH-senga. Når kommunen har eit interkommunalt samarbeid om legevakt og lang avstand, må kommunen vurder å opprette bakvakt for å sikre tilstrekkelig kompetanse. Om Seljord vel å legge legevakta til Notodden, vil det mest sannsynlig verte naudsynt å etablere ei bakvaksordning for legane, noko som vil gi auke i kostnadane.

Legevakta er eit interkommunalt samarbeid og det å flytte den vil få store konsekvensar for fleire kommunar i Vest-Telemark.

Ansvar 321 – Barnevernstenesta

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
3,6	3,6

Barnevernstenesta er organisert gjennom eit samarbeid mellom alle kommunane i VT med Kviteseid som vertskommune. Kviteseid kommune har for 2020 eit forslag til budsjett som ligg ca. 1.700.000 kronar lågare enn nivået for 2019-budsjettet. Reduksjonen er knytt til eit tiltak som fell vekk i 2020.

KOSTRA-funksjon	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Endring 2019/2020
Administrasjon	2.347.000	2.478.432	131.432
Tiltak i familien	1.247.000	1.525.748	278.748
Tiltak utanfor familien	3.857.000	1.719.120	-2.137.880
Sum	7.451.000	5.723.300	-1.727.700

Ansvar 330 – Tenestekontoret

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
2,8	2,8

Tenestekontoret er mellom anna tillagt ansvaret for sakshandsaming av alle søknader om tenester innanfor pleie- og omsorgstenesta. Tenestekontoret har i tillegg ansvar for individuell plan, dagleg koordinering av tenester og flyt av pasientar mellom sjukehus og dei ulike delar av tiltakskjeda innanfor kommunen sine omsorgstenester. Det er ikkje gjort justeringar i budsjettet for denne tenesta i 2020.

Ansvar 331 – Heimetenester

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
17,26	17,47

Heimetenesta hadde gjennomgang av tenesta i løpet av 2019 for å sikre god ressursutnytting. Det vart lagd ny turnus hausten 2019. I samband med dette arbeidet vart det flytta ressursar frå andre delar av Open omsorg til heimetenestene (Open omsorg= Heimetenester, Nestunet, Steinmoen). I tillegg vart heimehjelperar sett inn i heimetenesta på helg for å styrke helgebemannninga. I samband med rokering av ressursar vart det frigjort 0,4 årsverk til ein assisterande einingsleiar.

Heimetenester gjev tilbod om heimesjukepleie, heimehjelp og praktisk bistand i brukarens eigen heim og kommunens bu- og servicesentre. Heimesjukepleia er organisert i ulike team, der eit av teama har særleg fokus på kvardagsrehabilitering. Kvardagsrehabilitering er eit viktig tiltak for å gjere brukarar meir sjølvhjelpe og trygge i eigen heim. Dette er viktig for å kunne dempe det store presset som er på kommunens sjukeheimplassar.

Heimetenesta er den tenesta som vert sett under press når det vert mangel på sjukeheimspllassar i kommunen. Det er til ein kvar tid mange brukarar som treng tenester frå heimetenesta, og til tider er det for lite bemanning. Med tanke på den demografiske utviklinga, vil det vere naudsynt å styrke denne tenesta i åra som kjem.

I 2019 er det starta opp med eit arbeid med å innføre velferdsteknologi som ein del av tenesta. Dette arbeidet vil fortsette i 2020. Det inneberer blant anna å gjere kartlegging av tidsbruk i tenesta og etablere nye rutinar. Arbeidet vert gjennomført som eit samarbeidsprosjekt med ein felles koordinator som er tilsett i Vest-Telemark rådet.

Det vil vere mogleg å redusere kostnadane til leige av lokal til hjelphemiddel om tiltaket med Heddeli vert sett i verk.

Ansvar 332 – Psykisk helse og rus

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
6,9	5,7

Tenesta for psykisk helse og rus gir ulike tilbod, med oppfølging av både vaksne, ungdommar og born. I løpet av 2019 og vidare i 2020 vert tilboden redusert i tråd med kommunens krav om innsparing. Det vil seie at det vert færre tilbod på færre dagar.

I løpet av 2019 er det gjort innsparingstiltak, med blant anna å fjerne tenester i helg og på heilagdagar, noko som gjev ei innsparing på ca. 90.000 kr i 2020.

For budsjett 2020 er det lagt inn tiltak om å redusere tenesta med 1,2 årsverk. Det vert heilårseffekt for 0,2 årsverk og 4 månadars effekt for 1 årsverk. Frå 2021 vert det heilårseffekt av begge årsverka med ei årlig innsparing på ca. 800.000 kr.

Utgifter til kjøp av tenester frå andre kommunar har vore stor for denne tenesta, men dette vert redusert frå 2020 då tilboda er avvikla. Avvikling av tiltaka har gitt ei redusert kostnad på ca. 1,1 millionar i 2020.

Ansvar 333 – Sjukeheimen

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
37,04	35,67

Det er gjort endringar ved sjukeheimen for å få ei betre ressursutnytting i tenesta. Det er blant anna gjort grep i oppfølging av sjukemeldte, nok som har ført til ei nedgang i talet på sjukemeldte. I tillegg vart tenesta evaluert for å få ei betre nytting av ressursane og ein betre fordeling av kompetansen. Det vart lagd ny turnus som starta opp hausten 2019. Ny turnus gav ei innsparing på: 1,37 årsverk.

I Budsjett 2020 er det lagt inn eit generelt innsparingstiltak for heile PO3. Sjukeheimen får det største kuttet på ca. 200.000 kr. Det fordrar ei nøy sam drift i 2020.

I sommar vart det lagt til grunn ei sommaravtale som gav dei tilsette ekstrakompensasjon for å ta på ekstravakter i ferieperioden. Dette førte til at det var mogleg å få dekt opp alle vakter utan å nytte vikarbyrå, samtidig som det var lite sjukdom. Samanlagt gav dette ei stor innsparing i ferieavviklinga samanlikna med 2018.

Det er varsle om behov for å skifte ut utslikt inventar ved sjukeheimen. Det er til no ikkje gjort noko med dette, og det vil vere naudsynt å skifte ut det mest slitte i 2020.

Det er framleis ikkje innført stille sjukesignalanlegg ved sjukeheimen. Kostnadane ved omlegginga var høgare enn forventa, noko som har ført til at det framleis står som uløyst.

På grunn av den økonomiske situasjonen i kommunen, er det ikkje mogleg å få på plass stille sjukesignalanlegg i løpet av 2020.

Framskrivingstal frå SSB over eldrepopulasjonen i Seljord syner at det vil bli ei markant auke i talet på eldre over 80 år frå 2014/2025. Denne utviklinga vil truleg skape behov for ytterlegare opptrapping av talet på sjukeheimsplassar. Dette vil bli blant dei sentrale punkta å greie nærmare ut i den nye kommunedelplanen for helse og omsorg.

Ansvar 334 – Nestunet bukollektiv og dagsenter

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
7,66	7,67

Seljord kommune tok i bruk Nestunet i desember 2018. Nestunet bukollektiv og dagsenter består av to delar, eit bukollektiv og eit dagsenter. Det vil seie at dei som bur i bukollektivet i utgangspunktet har alt sitt tilbod i bukollektivet. Dagsenteret er primært for heimebuande personar. Nokre av plassane er sett av til heimebuande personar med demens/kognitiv svikt.

Frå 2020 er det lovpålagt å ha eit dagtilbod til heimebuande personar med demens. Tilboden ved dagsenteret skal vere eit godt tilbod for den enkelte, samtidig som det skal fungere som avlastning i kvardagen for dei som har omsorg for familie med demens/kognitiv svikt.

Det er ikkje gjort store budsjettmessige endringar for Nestunet i 2020, men det er lagt inn ei auke i utgifter til transportmiddel då det er naudsynt med ein minibuss for å hente og bringe brukarar til dagsenteret.

Det vert ei auke i brukarbetalinga for Nestunet i 2020, jf. plan om å auke brukarbetalinga over 3 år. Full brukarbetalingsats på 12.354 kr/månad vert innført frå 2021.

Ansvar 335 - Steinmoen bu- og servicesenter

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
5,13	4,99

Ved Steinmoen bu- og servicesenter er det 9 rom, og 10 plassar. Den eine bustaden er for eit par, men det er ikkje mogleg å budsjetterer for meir enn 9 plassar då det oftast bur berre éin i bustaden.

I samband med omorganiseringa er det gjort ein reduksjon på 0,14 årsverk. Nedgangen i årsverk er ikkje ei direkte innsparing for kommunen, men ressursane er flytta til heimetenestene.

Det har vore få av brukarane som har fått den nye satsen for brukarbetaling i 2019 ved Steinmoen, men i 2020 vert det auke for alle beburane. Det er lagt opp til ei auke over 2 år, slik at full brukarbetaling på 10.854 kr pr. månad vert innført frå 2021.

Ansvar 336 – Omsorgsbustader

Husleiga er justert etter konsumprisindeksen. Omsorgsbustadene omfattar både Moentunet, Heddelitunet og bustader for eldre. Det er lagt opp til mellom 75% - 79% dekning i 2020.

Ansvar 337 – Teneste for funksjonshemma

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
12,95	13,02

Avdelinga omfattar omsorgsbustader med heildøgns pleie og omsorg. Heddelitunet har i alt 11 bustader. 6 av bustadane er ”inne” i nærleiken av personalbasen og fellesarealet. Den eine vert nytta til avlastning på helg for to personar, og kommunen får dermed ikkje leigeinntekter på denne. Det er i alt 13 brukarar, der 3 av dei bur i eigne heimar andre stader i kommunen.

For 2020 er det lagt inn ei lita auke i årsverk. Det er jobba aktivt med å nytte ressursane betre i 2019. Frå hausten 2019 vart det starta opp med ny turnus, med blant anna eit 12-timars vakter på helg. I tillegg er det omdisponert ressursar frå helg til vekedag for å dekke opp eit nytt tiltak, med timetal tilsvarende 0,3 årsverk. Ved å omdisponere har det nye tiltaket berre ført til auka på 0,07 årsverk.

Tenesta har ansvar for drift av Aktivitetssenter som leiger lokale i bygningane til DPS – Seljord. Dei tilsette har delte stillingar fordelt på bukollektivet og aktivitetssenteret. Om tiltaket med ombygging av Heddeli vert sett i verk, vil det føre til reduserte kostnadar for leige av lokal til Aktivitetssenteret.

Frå 2019 vart ansvaret for folkehelse flytta frå PO4 til einingsleiar ved Teneste for funksjonshemma. Det er estimert at ca. 10 % av stillinga skal vere knytt til folkehelsearbeid.

Ansvar 338 – Produksjonskjøkken

Fast årsverk 2019	Fast årsverk 2020
1,6	1,6

Produksjonskjøkken produserer varm mat til sjukeheimen, bu- og servicesentra i kommunen (ikkje Heddelitunet) og heimebuande. Kommunen nyttar også produksjonskjøkkenet til å lage mat til nokre politiske møte.

Kostnadene og årsverka ved produksjonskjøkkenet vert regulert av avtale med Dyrskun.

Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift

Innleiing

Kommunalområdet samfunnsutvikling og drift har gjennom denne budsjettprosessen gått gjennom alle budsjettområde for å finne forslag til kutt og reduksjon i drift. For kommunal teknikk og egedomsdrift rår ein ikkje til å reduserer ytterlegare. Dette områder er allereie underfinansiert og driftar uforsvarleg oppimot tilrådd nivå. Seljord kommune har eit formidabelt etterslep på vedlikehald både når det gjeld vegar/bruver og kommunal egedom.

Det er difor innafor ansvarsområde 440 kultur, bibliotek og næring at kommunalsjefen forslag til kutt/reduksjon ligg. Det blei i august 2019 gitt eit politisk mandat om å synleggjere tiltak som ikkje er lovpålagd. Kutlista under syner det som ligg til grunn for programområdet 4 sine prioriteringar. Det er viktig å understreke at reduksjonen vil føre med seg store konsekvensar for kommunen utviklingskraft, kultur- og næringsarbeidet og ikkje minst det viktige bidraget kommunenes bistand til frivillige lag og organisasjonar utgjer.

VARF-området (vatn, avløp, renovasjon og feiing) er forslag til gebyr satt etter eit sjølvkostgrunnlag på 100%. For bygesak og oppmåling er ny modell lagt opp slik at desse områda også skal ha ein sjølvkostgrunnlag som baserer seg på 100% sjølvkostinndeckning. Det er i økonomiplanperioden lagt opp til ein gradvis auke til 100% inndeckning.

Ein legg til grunn at ein har 90% inndeckning i 2020, 100% i 2021. Det er også lagt opp til maksimal sats for handsaming etter jordlova og fellingsgebyr på vilt.

Det er fleire investeringsprosjekt som er foreslått i budsjett for 2020. Fleire av desse gjeng på utbygging av vatn og avløp og ligg inne i sjølvkostkalkyla.

Egedomsdrifta til kommunen er no på eit slikt nivå at det er uforsvarleg. Med omlag 30.000 m² bygningsmasse av varierande årstal er det eit formidabel oppgåve og forvalte, vedlikehalde, drifte og utvikle den samla kommunale egedomsporteføljen. Det er difor prøvd å finne rom for ein ekstra stillingsheimel for programområdet, utan at det skal påverke botnlinja negativt. Ved å gjere naudsynte og tøffe endringar har ein klart å skaffe nok midlar til å opprette ein ny stillingsheimel på 80% knytt til teknisk drift. Det er eit håp at ved å tilsette ein ekstra person så kan ein få til betre koordinering av arbeidsoppgåvene og ein meir systematisk tilnærming til oppgåveløysninga.

Skulebygga er alle bygd i perioden fra 1960 til 2000. Der hovudtyngda av bygningane vart oppført i 60 og 70 åra. Med påbygg i mindre og større grad fram til år 2000. I ein rapport utarbeida i 2018 er det stipulera ein kostnad på 5 084 500,- i tiltak over ein 10 års periode, for

utbetringar av diverse feil og manglar. Ein må sjølvklart ta høgde for andre vedlikehaldsutgifter i tillegg til dei ca. 5,1 mill det vil koste å utbetre 10 års tiltaka.

Det er satt av ekstra midlar i storleik kr 250.000,- til vedlikehald på skulane. Ein legg til grunn at ein øyremarker tilsvarende 250.000,- frå vedlikehaldsbudsjettet på hjå teknisk drift slik at ein i 10 års perioden får tatt vedlikehaldsetterslepet på skulane.

Når det gjeld lokale for brannstasjon og teknisk drift er det no ferdigstilla ombygging som stør krav frå arbeidstilsynet. Det er forhandla fram ny leigekontrakt med dagens uteigar for ein periode på 10 år, der huseigar tek kostnadane med ombygging. Ny husleige er tatt med i budsjettframlegget. Ein ser og at det er ei auke i kostnad for 110 IKS som får tildels store utslag på ansvar 540.

Ny bruk av Heddeli kjem som eigen politisk sak, men rådmannen har vurdert at det er fornuftig å bygge om Heddeli til å huse fleire av kommunens kommunale tenester.

Seljord kommune er i forhandling med SVV om overtaking av eigedommen Flatin deponi, det blei i møte 4.11.2019 avklart at endeleg overtaking først kan skje hausten 2020. Dette grunna at det skal gjennomførast ei jordskiftesak for å endeleg fastsette eigedomsgrenser og for å avklare bruksordning til veglag. Ei ny opplysning som kom fram i møte var at SVV pliktar å spørje andre statlege verksemder om forkjøpsrett. Dersom det ikkje blir meldt slik interesse vil SVV tilby Seljord kommune å få overdra eigedommen. Det blei opplyst i møte at SVV pliktar å foreta ei taksering og selje eigedommen til marknadsverdi. Kva resultatet blir veit vi først 1. mars 2020. Då det fortsatt er usikkert kva overtaking av deponiet vil eventuelt koste kommunen og kva kostnad for ei eventuell omregulering vil bli, bør kommunestyre ha ein buffer i disposisjonsfond til dette føremålet.

Under er det ein tabell som syner konsekvensjustert budsjett for PO4. (Budsjett fyre reduksjonstiltak er iverksett.)

Ansvar	Budsjett 2019	Lønn	Avtale/vedtak	Omposteringar	Kom.sjefens endringar	Budsjett 2020
410	1 027 000	14 669	-	-	-400.000	640 916
411	2 055 411	70 706	-	-86 423	-281 907	1 749 578
440	5 667 078	96 704	-116 431	-31 000	185 621	5 804 128
500	1 081 490	249 751	- 7 147	-	-5 245	1 313 160
510	7 099 135	396 147	17 000	-205 134	-763 273	6 535 553
520	168 919	7 774	18 000	-39 335	-159 924	-11 139
530	3 637 823	-	40 000	-119 000	-535 587	3 023 236
540	2 737 659	-145 906	395 401*3	-10 000	-271 000	2 758 206
550	-3 991 653	9113	103 000	-	-113000	-3 918 565
551	-2 572 103	17 916	-	-	150 000	-2 397 915
552	-211 601	3 221	-	-	-66 000	- 274 649
560	-475 437	-	25 000	-	50 000	- 400 437
Sum		750 796*1	474 823	490 969*2	-2 367 542*4	14 822 072

Kommentar til tabell:

*1 Lønnsvekst inkl. ny 80% stilling (snekker) er på totalt 750 796

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

*2 Uttrekk for omposteringar til å lønne ny 80% stilling 487 838 (490 969) = 262 958,- gir reel lønnsvekst for PO4 for 2019 – 2020.

*3 Kostnad med ny brannstasjon, (auka leige) og auka kostnad for kjøp av IKS 110, saman med auka kostand til VTBV for nytt feiarlag utgjer størstedelen av veksten for avtaler/vedtakskolonna på kr 474 823,- .

*4 Kommunalsjef har tatt ut 2 367 500,- justert for løyvingar som ikkje skal vidareførast.

Kostnadsreduserande tiltak og endringar i PO4 som er tatt inn i rådmannens budsjettforslag:

Kapittel : Samfunnsutvikling og drift						
Tiltak	1: Endra bruk av Næringsfond - Marknadsføring					
Ein brukar Næringsfond til å finansiere naudsynt marknadsføring. Dette er tatt på driftsbudsjettet tidlegare men kan overførast til næringsfond i tråd med vedtekten.						
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sum utgifter	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-240 000
Sum netto	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-240 000
SUM NETTO TILTAK	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-240 000

Tiltak	2: Endre bruk av næringsfond - Planhandsaming og utvikling,					
Tiltak innafor planlegging, kommuneplan, reguleringsplan og utvikling er i dagens budsjett tatt frå driftsbudsjettet, bortsett frå 100.000 som er dekka frå næringsfond. Dette kan dekkjast heilt av fondet jamfør vedtekter og såleis kan ein redusere utgifter tilsvarande.						
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sum utgifter	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000
Sum netto	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000
SUM NETTO TILTAK	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000

Tiltak	3: Reduksjon driftstilskott SIL - vejen til Raudkleiv					
Seljord idrettslag fekk i samband med budsjettsak i kommunestyret sak 142/15 den 17.12.2015 innvilga fast årleg tilskot til vedlikehald av vejen til Raudkleiv. avtala gjeld fram til ein av partane krev nye tingingar. Tilskotet skal indeksregulerast kvart år og vil for 2020 utgjere kr. 94.000,- kr. Rådmann har forslag om å fjerne tilskot heilt frå 1.1.2020. Dette må meddelast SIL innan utløpet av 2019.						
	2020	2021	2022	2023	Totalt	
Sum utgifter	-94 000	-94 000	-94 000	-94 000	-94 000	-376 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0	0
Sum netto	-94 000	-94 000	-94 000	-94 000	-94 000	-376 000

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

SUM NETTO TILTAK	-94 000	-94 000	-94 000	-94 000	-376 000
-------------------------	----------------	----------------	----------------	----------------	-----------------

Tiltak	4: Reduksjon tilskott frivillige lag og org.				
--------	--	--	--	--	--

Det er forslag om ein reduksjon i kommunale tilskott til lag og org. Dette er ikkje lovpålagt, men sjølv sagt viktig for det frivillige kulturlivet. Dei små summane til kvart lag er driftstilskot og utgjer eit viktig bidrag til det frivillige organisasjonslivet i kommunen, og for dei som driftar grendehus og organiserer 17.mai feiringar. Ein må oppmøde til å søkje eksterne midlar frå ordningar som finst. Reduksjonen fører til at det kun er att 60.000 til fordeling til alle tilskottsordningar.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000
SUM NETTO TILTAK	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000

Tiltak	5: Reduksjon tilskott Granvin				
--------	-------------------------------	--	--	--	--

Granvin kulturhus får i samsvar med avtale 405.000 årleg i reint tilskott. Dette tilskott blei auka i budsjettvedtak 12.12.2013 med 150.000,- . Rådmann foreslår med dette tiltaket å redusere tilskott til slik at det utgjer 205.000,- årleg; når avtala med Granvin går ut i 2020.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	0	-200 000	-200 000	-200 000	-600 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	0	-200 000	-200 000	-200 000	-600 000
SUM NETTO TILTAK	0	-200 000	-200 000	-200 000	-600 000

Tiltak	6: Redusert opningstid symjehall				
--------	----------------------------------	--	--	--	--

Ein kan innskrenke opningstida i symjehallen til 3 månader. I dag har symjehallen ope frå haustferien til 1. april. Ca 6 månader årleg. I dette tidspunktet har elevar symjeopplæring, vi leiger ut til nabokommunar, fylkeskommunen og idrettslag. Symjehallen er også open for besøkjande tysdag, torsdag, fredag og laurdag. Kostanden ved å drifte symjehallen er høge og det er uvisst når ein vil få problem med manglande vedlikehald av viktige tekniske installasjonar. Ved å redusere opningstida får ein mindre utgifter til løn av badevakt og reinhald, samt at straumkostanden vil bli mindre. Konsekvensar er at symjeopplæringa må intensiverast og kanskje reduserast til det som er lovpålagt for elevane i Seljord skulen. Ein vil og få reduksjon i den tida nabokommunane har til si opplæring. Dette vil medføre tap av inntekter på omlag 35.000 årleg. Tilbodet til besøkjande vil og bli redusert og kan føre til eit inntekstap på ca. 35.000,- årleg. Utfordingane med vedlikehald vil vere det same, det er uvisst korleis reduksjon i driftstid pr år vi påverke anlegget. Det vil sjølv sagt og gå ut over tilsette som har sin jobb i symjehallen og som kanskje ikkje har moglegheit til å få anna jobb for å kompensera for tap av inntekt.

	2020	2021	2022	2023	Totalt

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Sum utgifter	-390 731	-390 731	-390 731	-390 731	-1 562 924
Sum inntekter	107 500	107 500	107 500	107 500	430 000
Sum netto	-283 231	-283 231	-283 231	-283 231	-1 132 924
SUM NETTO TILTAK	-283 231	-283 231	-283 231	-283 231	-1 132 924

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Tiltak	7: Reduksjon i tilskottsmidler fra Næringsfond - Møtestad Seljord As				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-587 500	-587 500	-587 500	-587 500	-2 350 000
Sum inntekter	587 500	587 500	587 500	587 500	2 350 000
Sum netto	0	0	0	0	0
SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0

Tiltak	8: Reduksjon i tilskottsmidler fra Næringsfond - Telemarksvegen og Vandre Telemark				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-30 000	-55 000	-55 000	-55 000	-195 000
Sum inntekter	30 000	55 000	55 000	55 000	195 000
Sum netto	0	0	0	0	0
SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0

Tiltak	9: Reduksjon i tilskottsmidler fra Næringsfond - Visit Telemark As				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-131 250	-175 000	-175 000	-175 000	-656 250
Sum inntekter	131 250	175 000	175 000	175 000	656 250
Sum netto	0	0	0	0	0
SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Tiltak	10: Reduksjon driftsmidlar Bibliotek				
Beskrivelse	Ein kan redusere i utgifter til drift av Bibliotek. Det vil gå utover arrangement og innkjøp av litteratur/tidsskrifter.				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-51 250	-51 250	-51 250	-51 250	-205 000
Sum inntekter	9 250	9 250	9 250	9 250	37 000
Sum netto	-42 000	-42 000	-42 000	-42 000	-168 000
SUM NETTO TILTAK	-42 000	-42 000	-42 000	-42 000	-168 000

Tiltak	11: Reduksjon i tilskottsmidlar frå Næringsfond - Landbrukstiltak				
Beskrivelse	Reduksjon i tilskottsmidlar frå Næringsfond – Landbrukstiltak. Tiltaket syner kor det er forslag om å endre tiltak som ligg faste inne med budsjettmidlar frå Næringsfond				
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sum utgifter	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-400 000
Sum inntekter	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
Sum netto	0	0	0	0	0
SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0

Kapittel : Samfunnsutvikling og drift, konsekvens for andre programområder					
Tiltak	12: Avvikle Folkebibliotek filial Flatdal - opprette skulebibliotek				
Folkebiblioteket i Seljord har med nytt bygg på Granvin fått ei utvida opningstid og mykje betre lokaliteter. Kostnaden med dette har vore stor og ein må vurdere om det er naudsynt å oppretthalde filialen i Flatdal som folkebibliotek.					
	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: Flatdal skule (212)				
Sum utgifter	192 336	192 336	192 336	192 336	769 344
Sum inntekter	-16 750	-16 750	-16 750	-16 750	-67 000
Sum netto	175 586	175 586	175 586	175 586	702 344
Sted	Ansvar: Kultur og næring (440)				
Sum utgifter	-279 545	-279 545	-279 545	-279 545	-1 118 180
Sum inntekter	16 750	16 750	16 750	16 750	67 000

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Sum netto	-262 795	-262 795	-262 795	-262 795	-1 051 180
SUM NETTO TILTAK	-87 209	-87 209	-87 209	-87 209	-348 836

Tiltak	13: Endring i bruk av Næringsfond - avdrag på lån									
Ved å redusere på bruk av næringsfond som vist til i tiltak innafor ramma til programområde 4 kan ein få betre kommunen botnlinje med å overføre næringsfond til bruk for avdrag på lån.										
Tiltaket som vist under gir ein gevinst når endringa er realisert slik som tiltaka er vist også ved endra bruk i programområde 4.										
	2020	2021	2022	2023	Totalt					
Sted	Ansvar: Renter, avdrag og bruk av netto driftsresultat (190)									
Sum utgifter	0	0	0	0	0					
Sum inntekter	-520 000	-580 000	-580 000	-580 000	-2 260 000					
Sum netto	-520 000	-508 000	-580 000	-580 000	-2 260 000					
SUM NETTO TILTAK	-520 000	-508 000	-580 000	-580 000	-2 260 000					

Tiltak	14: Ny bruk av Heddeli									
Ny bruk av Heddeli - Driftskostnader og driftsreduksjon syner eit potensiale på 502.000,-kr. Investering (låneopptak, og sal av bustad/kommunal eigedom gir ein kostnad på 403.000,- årleg. Det gir ein innsparing på ca. 30.000,- på botnlinja. Alle summer er inkl. driftsutgifter nye Heddeli.										
Reduksjon i drift:										
Ansvar 110: -85.000,- mindre utgifter til privat leige av husvære.										
Ansvar 331: -54.000,- mindre utgifter til leige av hjelpemiddelsentral.										
Ansvar 332: 35.000,- straum og kommunal utgifter										
Ansvar 336: 140.000,- auka inntekter på frigitte 2 stk leiligheter på Moentunet										
Ansvar 337: -118.000,- mindre utgifter leige dagsenter										
Ansvar 510: 95.000,- reine driftskostnader for Heddeli										
Ansvar 560: 165.000,- inntekter for husleige utleige bustdaer i 2.etg.										
	2020	2021	2022	2023	Totalt					
Sted	Ansvar: Rådmannskontor og fellestenester (110)									
Sum utgifter	0	-106 250	-106 250	-106 250	-318 750					
Sum inntekter	0	21 250	21 250	21 250	63 750					
Sum netto	0	-85 000	-85 000	-85 000	-255 000					
Sted	Ansvar: Heimetene (331)									
Sum utgifter	0	-67 500	-67 500	-67 500	-202 500					
Sum inntekter	0	13 500	13 500	13 500	40 500					
Sum netto	0	-54 000	-54 000	-54 000	-162 000					
Sted	Ansvar: Habilitering og rehabilitering (332)									
Sum utgifter	0	43 750	43 750	43 750	131 250					
Sum inntekter	0	-8 750	-8 750	-8 750	-26 250					
Sum netto	0	35 000	35 000	35 000	105 000					
Sted	Ansvar: Omsorgsbustadar (336)									
Sum utgifter	0	0	0	0	0					

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023

Sum inntekter	0	-140 000	-140 000	-140 000	-420 000
Sum netto	0	-140 000	-140 000	-140 000	-420 000
Sted	Ansvar: Teneste for funksjonshemma (337)				
Sum utgifter	0	-147 500	-147 500	-147 500	-442 500
Sum inntekter	0	29 500	29 500	29 500	88 500
Sum netto	0	-188 000	-188 000	-188 000	-564 000
Sted	Ansvar: Vedlikehaldsavdeling (510)				
Sum utgifter	0	118 750	118 750	118 750	356 250
Sum inntekter	0	-23 750	-23 750	-23 750	-71 250
Sum netto	0	95 000	95 000	95 000	285 000
Sted	Ansvar: Utleigebustader (560)				
Sum utgifter	0	43 750	43 750	43 750	131 250
Sum inntekter	0	-208 750	-208 750	-208 750	-626 250
Sum netto	0	-165 000	-165 000	-165 000	-495 000
SUM NETTO TILTAK	0	-502 000	-502 000	-502 000	-1 506 000

Ansvar 410 – Plan og utvikling

Budsjettet omfattar 40 % konsulent/rådgjevarstilling og omlag kr 400.000 til planhandsaming. I 2020 vil midlane nyttast til ferdigstille rullering av kommuneplan (arealdel) for Seljord, og utarbeiding av ny planstrategi.

Ansvar 411 – Landbruk og miljø

Løn og driftsmidlar til landbruksrådgjevar og natur- og miljørådgjevar. Kommunestyret har disponert ein budsjettpost på kr 200.000 i tilskot til landbruksføremål frå Næringsfond, denne er vidareført med 100.000. Kr 51.000 er vidareført til det store vassforvaltningsplanarbeidet for Midtre Telemark vassområde.

Ansvar 440 – Kultur og næring

Budsjettet omfattar løn og driftsmidlar til kultur- og næringssjef, bibliotek, badevaktar og reinhald på symjehallen. Ansvarsområde omfattar fleire budsjettpostar som er fordela på tenestane innafor ungdomsarbeid, folkehelse, idrett, friluftsliv, frivillig arbeid, nærings- og utviklingsarbeid, bibliotek og symjehall. Vidare er det større og mindre tilskotpostar knytt til kulturarrangement, tilskot til drift av Vest-Telemark Museum og Seljord kunstforeining.

Som ein konsekvens av forslag til statsbudsjett har ein lagt opp til ei overføring på ca. kr 553.000,- til friviljugsentralen, kor kr 403.000 utgjer statens bidrag som no blir overført til kommunane (kommunal del kr 150.000). Frå 2021 er summen redusert med 318.000,- som ein konsekvens av statsbudsjettet.

Næringsfond I disponering i budsjett 2020

Konto	Ans	Teneste	Kontonamn	Bruk i ramma	Budsjett 2019	Budsjett 2020
19501	110	8800	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Gjeld/avdrag	Kr 212.000	Kr 732.000
19501	410	3252	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Summen gjeng til planhandsaming / samfunnsutvikling.	Kr 100.000	Kr 300.000
19501	411	3255	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Tilskot til andre i landbruk/næring	Kr 200.000	Kr 100.000
19501	440	3250	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Lønn næringssjef (50% stilling) inkl. sosiale utgifter	Kr 415.000	Kr 427.500
19501	440	3252	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Bruken er lista opp i tabell nedanfor	Kr 1.014.000	Kr 381.500
Totalt for Næringsfond i budsjett					Kr 1.941.000	Kr 1.941.000
Til disposisjon for programområde 4					Kr 1.728.000	Kr 1.209.000
Bruk av Næringsfond I					Budsjett 2019	Budsjett 2020
Møtestad Seljord					Kr 457.000	Kr 0
Tilskot til næringsføremål (nye i 2020)					Kr 205.000	Kr 261.500
Kommunens eigendel til Visit Telemark					Kr 142.000	Kr 35.000
Tilskot til løypekjøring					Kr 75.000	Kr 0
Medlemskontingent Telemarksvegen					Kr 30.000	Kr 0
Tilskot Vandre Telemark					Kr 25.000	Kr 25.000
Marknadsføring/ infotavler						Kr 60.000
Totalt					Kr 1.014.000	Kr 381.500

Ansvar 500 – Avdelingskontor teknisk

Lønnsmidlar til ingenør kommunalteknikk og egedomsforvaltning.

Ansvar 510 – Vedlikehaldsavdeling

Budsjettet omfattar løns- og driftsmidlar til vaktmeistrar og fagarbeidarar, samt delar av avdelingsleiarstilling drift. Vidare kostnadar til drift og vedlikehald av bilar, maskiner og utstyr, samt kostnadar til vedlikehald av kommunale bygningar og utstyr. Kostnadar til utstyr aukar etter som utstyret blir eldre, og fleire av dei kommunale bygningane har mykje teknisk utstyr som må vera i orden for at bygget skal fungere (varmepumper, ventilasjonsanlegg mm.). Det er eit stadig aukande etterslep på vedlikehald på fleire av dei kommunale bygga. Skulane er dei som har størst trøng for eit auka vedlikehald, og Seljord ungdomsskule og Flatdal skule har flest utfordringar.

Det er i handlingsdelen peika på eit behov for å sjå på kommunens egedomsdrift og organisering. For å kunne gjere ei kartlegging av kommunenes egedom og avklare kva for tilstand desse er i, må ein først gjennomføre ei tilstandsvurdering på alle kommunale bygg på lik linje som ein har vurdert skulebygga. Det vil i ein slik gjennomgang synleggjerast behov og kostnad for vedlikehald innanfor ein periode på 10 år. Ei slik kartlegging bør utarbeidast for på best mogleg grunnlag kunne vurdere kva som er best organiséringsmodell og kva som faktisk utgjer kommunale egedomar potensiale for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling. Ei slik tilstandsvurdering er kostnadsregna til omlag 1 – 1,5 millionar kr basera på kostnad for gjennomgang av skulane. Det kan ein ikkje sjå at det finns rom for innafor det ordinære driftsbudsjettet i 2020. Det er og eit ynskje om å få satt i gang ein kartlegging av energisparande tiltak for dei kommunale bygga, (EPC). Dette må ein ta på driftsbudsjettet, då det vil munne ut i ein rapport som syner investeringskostnader, forventa oppnådd resultat på energi, effekt på klima m.m, samt lønnsemd for dei ulike prosjekta. Det er ikkje driftsmidlar til å utarbeide ein slik rapport i inneverande økonomiplanperiode.

Ansvar 520 – Plan- byggje- og delesaker, kart og oppmåling

Budsjettet er vidareføring av driftsnivået for 2019, og omfattar løns- og driftsmidlar til plan- og byggesakshandsaming og oppmåling/kartverk samt tinglysingsgebyr. Inntekter er gebyr etter Plan- og bygningslova (gebyr for byggesak, private reguleringsplanar og oppmålingsgebyr). Gebyr er satt etter ny sjølvkostkalkyle på 90% dekningsgrad innafor desse tenestene. Det gir kommunen litt fleire inntekter utifrå dei tenestane som blir levera.

Ansvar 530 – Kommunale vegar

Budsjettet omfattar utgifter til drift og vedlikehald av kommunale vegar og vegljos, der nær halvparten blir bruka på vinter-vedlikehald (snøbrøyting og strøing). 10 % går til drift og vedlikehald av vegljos. For å oppretthalde dagens standard og for å komme a jour med vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar og bruer bør vedlikehaldsposten auke. Det er ikkje funnet rom for denne auka i inneverande økonomiplanperiode.

Det er vurdert at ein kan gå ned på standard når det gjeld brøyting, men det vil få konsekvensar som gjer at kommunen bør gå til innkjøp av naudsynt utstyr. (Sjå investeringstiltak under kommunal teknikk.)

Vedlikehald av vegar og bruer blir gjennomført etter tilråding frå samfunnsutvalet, men det må understrekast at det ikkje er tilstrekkeleg med midlar satt av for å møte det naudsynte vedlikehaldet som bør gjennomførast i løpet av økonomiplanperioden. Etterslepet blir berre større for kvart år. Det er minimum eit manko på 5.millionar i vedlikehald for vegar og bruer inneverande økonomiplanperiode.

Ansvar 540 – Brann- og feiarvesen

Budsjettet omfattar utgifter til feienestenesta i kommunen (via Vest-Telemark Brannvesen) og løns- og driftsutgifter til brannvesenet. Utgifter til feiing blir dekt av feie- og tilsynsgebyr, frå 2019 til 2020 ventast gebyrinntektene å auke med omlag 30 % frå kr. 882.000 til kr 1.145.000. Dei største postane til brannvesenet er løn, ein større avgift til 110-sentralen samt avgift til Vest-Telemark brannvesen for førebyggande avdeling og feiing.

Ansvar 550 – Vatn

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av 4 kommunale vassverk (produksjon og distribusjon), samt ytre anlegg. Kostnaden for drift av nye Seljord vassverk er høgare ein tidligare estimert grunna meir forbruk av kjemikalie, samt auka behov for driftsoperatørressurs. Det er underteikna serviceavtale med Pentair som gjer auka kostnad på drift. Dei andre postane er utgifter til løn, kontroll og analysering av drikkevatnet og straum. Grunna fleire større investeringar innafor området ser ein at avgiftene aukar i perioden.

Ansvar 551 – Avløp

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av 3 kommunale reinseanlegg (innsamling og reinsing), ytre anlegg samt innsamling av slam frå private avløpsanlegg. Største postane er utgifter til løn, kjemikaliar, straum, innsamling og behandling av slam og driftsovervaking.

Ansvar 552 – Renovasjon

Budsjettet omfattar utgifter til innsamling og behandling av avfall, dette blir ivaretake av Renovest IKS. Posten er sjølvfinansierande.

Ansvar 560 – Utleigebustadar

Største utgiftspostane er leige av bustadhus (til vidare utleige) og kommunale avgifter. Kommunen eig 13 hus med 22 bu-einingar (omsorgsbustadar kjem i tillegg, desse vert ført på PO 3). Per 01.01.20 leiger kommunen 11 bu-einingar i tillegg. Talet er redusert med 5 frå 2018. Det er budsjettert med ein "turnover" på kommunale bustader basera på ei 75 % utleigerate. Husleiga blir justert etter konsumprisvekst årleg i mars månad.


Sjølvkost

Tabellen under syner endring i årsgebyr fra 2019 og utover i økonomiplanperioden, basert på driftsutgifter og framtidige investeringar innafor sjølvkostområdet.

Endring i årsgebyr fra året før	2020	2021	2022	2023
Vatn	3,6 %	4,6 %	-1,0 %	-2,0 %
Avløp	-2,0 %	1,2 %	-1,1 %	-1,1 %
Renovasjon	10,0 %	7,3 %	6,8 %	8,4 %
Feiing	30,0 %	0,7 %	-0,2 %	-0,2 %
Slamtømming	10,9 %	-4,1 %	-9,1 %	1,0 %
Samlet endring	3,7 %	2,7 %	-0,9 %	0,1 %

Årsgebyra er syna i vedlegg til gul bok, og totalt så utgjer dei ei samla auke på 3,7 %.

Tabbelen under syner korleis dette ser ut samla.




Sjølvkostgrunnlag

Vedlikehaldsplan for kommunale vegar og bruer ligg som vedlegg til gul bok.

Seljord kommune

Rev. 03.11.2019



Vedlegg til Gul bok

**Oversyn over betalingssatsar for kommunale
tenester**

2020

Innhold

1	Felles forvaltning.....	3
2	Skule og oppvekst	4
2.1	Barnehage.....	4
2.2	Skulefritidsordning - SFO.....	4
2.3	Kulturskulen	5
3	Helse og omsorg.....	5
3.1	Maksimal eigenbetaling for heimehjelp/ praktisk bistand og opplæring i Seljord kommune:6	6
3.2	Betalingssatsar som eigenbetaling for opphold på Nestunet bukollektiv og dagsenter	6
3.3	Betalingssatsar som eigenbetaling for opphold ved Steinmoen bu- og servicesenter	6
3.4	Betalingssatsar som eigenbetaling på Heddelitunet:	6
3.5	Betalingssatsar som eigenbetaling på aktivitetssenteret:	6
3.6	Betalingssatsar som eigenbetaling for tryggleksalarmer:.....	7
3.7	Betalingssatsar som eigenbetaling ved transport utan løyveplikt:	7
3.8	Betalingssatser for vask av privattøy på vaskeri:	7
3.9	Betalingssatsar for mat til heimebuande:.....	7
3.10	Betalingssatsar for omsorgsbustader	7
4	Kultur og Næring.....	8
4.1	Konsesjons- og delingssaker	8
4.2	Viltfellingsgebyr pr. dyr.....	8
4.3	Leigeinntekter Symjehall:	8
5	Tekniske tenester – Eigedomsavgifter	8
5.1	Gebyr for handsaming av saker etter plan og bygningslova.....	10
5.2	Gebyr etter eigarseksjonslova.....	12
5.2.1	12
5.2.2	12
5.3	Handsaming av private framlegg til reguleringsplan §12	12
5.3.1	Førehandsuttale.....	12
5.3.2	Planforslag.....	12
